

13.02.2017, Høyringsutgåve

# Regional kystzoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

Avgrensa høyring, februar – mars 2017





# Innhold

1	Innleiing.....	5
2	Hovudmål.....	9
3	Berekraftig kystzoneplanlegging.....	10
3.1	Delmål berekraftig kystzoneforvaltning .....	10
3.2	Marint naturgrunnlag .....	11
3.3	Fiskeri .....	15
3.4	Andre bruksinteresser .....	16
3.5	Friluftsliv.....	18
3.6	Landskap og kulturminne .....	19
3.7	Regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne .....	21
3.8	Konsekvensar av planframlegget.....	23
4	Akvakultur .....	25
4.1	Delmål akvakultur .....	26
4.2	Utviklingsmoglegheiter innan akvakulturnæringa.....	26
4.3	Akvakulturanalyse for laks og regnbogaure .....	27
4.4	Frå arealanalyse til plankart .....	29
4.5	Omsyn i arealplanlegging for akvakultur .....	30
4.6	Akvakultur i plankartet .....	31
4.7	Konsekvensar av planframlegget.....	32
5	Sjøtransport og maritim næring .....	33
5.1	Delmål sjøtransport og maritim næring .....	33
5.2	Sjøtransport .....	33
5.3	Maritime næringsområde.....	35
5.4	Konsekvensar av planframlegget .....	38
6	Strandsone.....	39
6.1	Delmål strandsone.....	39
6.2	Differensiert forvaltning av strandsona .....	39
6.3	Arealføremål knytt til strandsona .....	41
6.4	Tilhøvet mellom regional plan for kystsona og interkommunal plan for strandsona .....	43
6.5	Konsekvensar av planframlegget .....	44
7	Retningslinjer .....	45
8	Handlingsprogram .....	49
9	Samla konsekvensar av planforslaget.....	50
10	Metode .....	53
11	Ordliste.....	56
12	Kjelder til kunnskap.....	59
13	Figurliste .....	59
14	Vedlegg.....	59



# 1 Innleiing

## Bakgrunn

I planprogrammet er følgjande sett som føremål for planarbeidet:

***Føremålet med planarbeidet er å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i Sunnhordlandsregionen og Ytre Hardanger.***

***Planen skal sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa som ei stor og viktig næring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal.***

Planprogrammet er vedteke i Hordaland Fylkesutval 24. april 2013 og i Rogaland Fylkesutval 18. januar 2014. Planframlegget var på offentlig høyring i begge fylka frå mai 2015 – oktober 2015.


Planen har eit tidsperspektiv på tolv år. Behov for planrevisjon vert vurdert kvart 4.år i regional planstrategi. Det er utarbeida handlingsplan for gjennomføring av planen. Handlingsplanen skal rullerast årleg, med vurdering av behov for hovudrevisjon kvart 4.år.

Fokus for planarbeidet er å sikre god sameksistens i kystsona og berekraftig arealbruk knytt til bruk og vern. Planen skal førebyggje konflikter ved å ta kvalifiserte val basert på kunnskap og politiske prioriteringar. Utfordringa med kystsonoplanlegging er at dei ulike interessene sin *arealbruk* varierer frå sameksistens i tid og rom til eksklusiv og særeigen bruk. Dette gjer kystsonoplanlegging til ei kompleks og samansett oppgåve, der behovet for heilskapleg tilnærming på tvers av sektor- og kommunegrenser er tydeleg.

Planen er overordna og gir hovudrammene for framtidig arealbruk på eit regionalt nivå. Regional kystsonoplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger sine føringar skal utdjupast vidare i juridisk bindande kommunale planar. Planen tek ikkje stilling til detaljerte spørsmål og fangar såleis ikkje opp alle lokale tilhøve.

Planområdet omfattar sjøareal og strandsone i kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Fusa, Jondal, Kvam, Kvinnerad, Stord, Sveio og Tysnes, samt sjøarealet i Vindafjord kommune.

Regional kystsonoplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger er forankra i Regional planstrategi for Hordaland 2010-2012.



Figur 1 Planområdet

## Rammer og verknad

Regional kystzoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger er heimla i § 8-1 i plan- og bygningslova. Ein regional plan etter plan- og bygningslova er regional planstyresmakt sitt planverktøy for å utforme politikk innanfor prioriterte område. Etter § 8-2 skal planen leggast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og forvaltning i regionen. Mål, retningslinjer og handlingsplan skal vere førande for fylkeskommunen og statlege organ i fylket når det gjeld verksemdplanar, forvaltningsvedtak og budsjett. Ein regional plan skal verke samlande ved å ta tak i viktige utviklingsoppgåver og setje opp felles mål. Gjennom regional plan kan ein utdupe og tilpasse nasjonale føringar til ein regional kontekst.

Den regionale kystzoneplanen skal tilpassast krav og forventningar fastlagt i nasjonale og regionale planar, stortingsmeldingar, forskrifter etc. Følgjande dokument legg viktige føringar:

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2015
- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen 2011
- Forutsigbar og miljømessig bærekraftig vekst i norsk lakse- og ørretoppdrett. St.meld 16 (2014-2015)
- Klimaplan for Hordaland 2010-2020
- Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017

Regional kystzoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger inneheld retningslinjer som ivaretek måla i planen. Dei regionale retningslinjene vil kunne vere utgangspunkt for vurdering av motsegn frå regionale mynde. Motsegn skal berre nyttast når kommunale arealplanar er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser, og skal alltid vurderast heilskapleg og ha ei konkret grunngeving.

Det regionale plankartet og retningslinjene er retningsgivande for vidare kommunal planlegging og konsekvensutgreiing. Rettsleg bindande arealbruk vert fastlagt i den kommunale arealplanlegginga etter plan- og bygningslova. Den regionale planen er ein overordna plan, som ikkje fangar opp alle lokale tilhøve.

Tidlegare godkjente og gjeldande kommuneplanar og reguleringsplanar innanfor planområdet gjeld uavhengig av denne planen. Planen vil ikkje ha tilbakeverkande kraft. God plandialog og prosess mellom lokale og regionale mynde vil auke moglegheita for at den regionale planen sine intensjonar vert følgt opp.

## Organisering

Planarbeidet har hatt politiske styringsgrupper med følgjande deltakarar:

Perioden fram til 1.gangshandsaming	Andre periode, etter valet 2016
Inge Reidar Kallevåg (leiar), Hordaland fylkesutval	Kjell Håland (leiar), Hordaland fylkesutval
Astrid Farestveit Selsvold, Hordaland fylkesutval	Anne-Beth Njærheim, Hordaland fylkesutval
Arne Bergsvåg, Rogaland fylkesutval	Wenche Tislevoll, Samarbeidsrådet for Sunnhordland
Liv Kari Eskeland, Samarbeidsrådet for Sunnhordland	Odd Harald Hovland, Samarbeidsrådet for Sunnhordland
Kjetil Hestad, Samarbeidsrådet for Sunnhordland	Jostein Ljones, ordførar Kvam herad/ Vara: Jon Larsgard, ordførar Jondal kommune
Asbjørn Tolo, ordførar Kvam herad / Jon Larsgard, ordførar Jondal kommune	Kjartan Innbjo, leiar i Utval for drift, utvikling og kultur, Vindafjord kommune, Rogaland
Kjartan Innbjo, leiar i Utval for drift, utvikling og kultur, Vindafjord kommune, Rogaland	

Ei administrativ arbeidsgruppe med følgjande deltakarar har vore prosjektgruppe i arbeidet med planen:  
Marit Rødseth (leiar), Hordaland fylkeskommune / Eva Katrine Taule (konst. leiar), Hordaland fylkeskommune  
Tord Bakke/ Svein Kornerud, Fylkesmannen i Hordaland  
Johan Sørensen, Kystverket  
Arne Oftedal, Mattilsynet  
Hans Haddal/Ola Midttun, Fiskeridirektoratet  
Gro Jensen Gjerde, Samarbeidsrådet for Sunnhordland  
Kjartan Thoresen, Kvinnherad kommune  
Trond Inge Brakestad, Kvam herad  
Anne Sofie Sandvik, Vindafjord kommune

Endre Korsøen, Hordaland fylkeskommune  
Inge Døskeland, Hordaland fylkeskommune  
Sissel Bakke, Rogaland fylkeskommune

Akvator AS har vore utførande konsulent, med Uni Research AS som samarbeidspartnar i akvakulturanalysen. Planarbeidet har etter høyring haldt fram gjennom Multiconsult AS med ABO Plan & Arkitektur Stord AS som underleverandør.

Det har i tillegg vore faggrupper innan kvart enkelt plantema beståande av fagpersonar frå kommunane, sektormyndigheiter og organisasjonar.

## Prosess

Som del av planprosessen fram til ferdig plan har det vore arrangert opne møte med følgjande tema:

- Temamøte om sjøtransport og maritim næring, 26.03.2014
- Temamøte om strandsona, 13.06.2014
- Temamøte om akvakultur, 23.01.2015
- Temamøte om berekraftig kystsonoplanlegging, 18.03.2015

Temamøta har hatt godt oppmøte både frå kommunar, regionale etatar, næringsliv og organisasjonar. Temamøte om strandsona vart arrangert i samarbeid med Interkommunal strandsonoplan for Sunnhordland. I temamøte om berekraftig kystsonoplanlegging vart det gjennomført gruppearbeid som gav viktige innspel til planarbeidet.

I tillegg har det vore gjennomført fleire faggruppemøte for kvart tema. Gruppene har vore sett saman av fagpersonar frå regionale organ, kommunar, fiskeri- og akvakulturnæringa og organisasjonar.

I prosessen har ein nytta ein digital kartportal som arbeidsverktøy og høyringsverktøy. Kartportalen er tilrettelagt for å gi enklare tilgang til datagrunnlag, analysar og resultat. Digitalt tilgjengeleg plankart er ein føresetnad for å kunna lesa detaljar i kart med ein slik målestokk. Kartportalen har eit brukartilpassa innhald og er interaktiv ved at brukarar kan hente ut og samanstille relevant informasjon og temakart etter egne preferansar.

Det kom inn 44 skriftlege høyringsuttalar til planframlegget. 9 kommunar, Samarbeidsrådet for Sunnhordland, 5 regionale etatar, 16 næringsaktørar og 13 andre aktørar. I høyringsperioden er det blitt avhalde høyringskonferanse med brei deltaking. Etter høyringa er planen bearbeidd og foredla i prosjekt- og styringsgruppe.

Det vore dialogmøter på administrativt nivå med kvar enkelt kommune, samt møte med Fiskeridirektoratet, Fylkesmannen i Hordaland og Sjømat Norge.

## Metode og plankart

Fire plantema er løfta fram i vedteke planprogram:

- Berekraftig kystsonoplanlegging
- Akvakultur
- Sjøtransport og maritim næring
- Strandsone









For kvart tema er det definert egne delmål og retningslinjer. Retningslinjer er samla i eit eige kapittel etter planomtalen. I medhald av forskrift for konsekvensutgreiingar, vert det stilt krav om at verknadane av planforslaget skal skildrast og vurderast. Dette er gjennomført for kvart plantema og ei oppsummering av desse følgjer som ein del av temakapittel. Den overordna konsekvensutgreiinga er samla i eige kapittel etter planomtalen.

Planlegging av kystsona etter plan- og bygningslova er i hovudsak ei oppgåve knytt til arealdisponering og prioritering mellom ulike interesser. Det er eit særskilt behov for å avklare tilhøva mellom interesser som krev

eksklusiv bruk av sjøområda. Det er gjennom ei arealanalyse søkt å balansere og prioritere mellom akvakultur og andre sektorinteresser (bruk og vern).

Det er utforma nasjonale standardiserte teiknereglar for plankart for regionale planar (dette er heimla i kart- og planforskriften). I kartet er nasjonal produktspesifikasjon for regionalplan sist revidert 12.12.2014 nytta. Produktspesifikasjonen for teiknereglar for regionale arealplanar angir at ein regional plan er ein overordna plan, som kan visa arealbunde restriksjon/utvikling/føremål. Planen skal gi retningsliner for dei kommunale arealplanane, men ikkje fanga opp alt dei inneheld. Areala i plankartet er i spesifikasjonen omtala som regionale arealsoner, og må ikkje forvekslast med arealføremål eller omsynssoner som gjeld på kommuneplan-nivå. Produktspesifikasjonen gir moglegheit for å avsette arealsoner, omsynssoner (som faresoner og bandleggingssoner), samt liner og punkt.

Det er avsett følgjande regionale arealsoner i plankartet:

-  Sjø og vassdrag generelt (eks. AK)
-  Grønnstruktur: Landskapsområde
-  Naturmangfald i sjø: Korallforekomster
-  Naturmangfald i sjø: Naturtypar og Gytefelt
-  Kystsoner: Riggområde
-  Kystsoner: Ankringsområde
-  Akvakultur (eksist. AK-lokalitetar)
-  Sjø og vassdrag, generelt (utvida omr. med AK)



## 2 Hovudmål

Kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet.

Det skal leggjast til rette for at marine og maritime næringar i området kan utvikla seg vidare til å vere lønnsame og konkurransedyktige i eit langsiktig perspektiv innanfor rammene av ei berekraftig utvikling.

Det skal leggjast vekt på kunnskapsbasert planlegging og forvaltning i kystsona.

### Berekraftig utvikling

Plan- og bygningslova skal fremja berekraftig utvikling. I føremålet til plan- og bygningslova er følgjande fastlagt:

*Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner. Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.*

I Brundtlandkommisjonen sin rapport «Our common future» frå 1987 er berekraftig utvikling definert som «en utvikling som imøtekommer dagens behov uten å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov».

Berekraftig utvikling kviler på ei fornuftig og tilfredsstillande utvikling innan alle dei tre områda økonomi, sosiale tilhøve og miljø.



FN sin modell for berekraftig utvikling

Fokus på berekraftig utvikling er gjennomgåande i planarbeidet. Fylkeskommunen har eit særskilt ansvar for regional utvikling og skal medverka til ei positiv og berekraftig utvikling i heile fylket. Perspektiva kring både bruk og vern skal inkluderast i planarbeid, og desse må balanserast for å skape ein berekraftig utvikling.

Regionale planavklaringar er viktige for gjennomføring av både nasjonal, regional og kommunal miljø- og arealpolitikk, og planframlegget er meint å styrke kommunane i arbeidet med å finne god balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar.

## 3 Berekraftig kystzoneplanlegging

Allemannsretten er eit gratis fellesgode og ein del av den norske kulturarva. Mange tenkjer på rett til ferdsel i utmark når ordet allmenning vert nytta. Den største allmenningen Noreg har, er knytt til sjø og havområda som strekk seg frå kystlina og 200 nautiske mil ut i havet. Sjøområda har ikkje private eigarar og er såleis ein del av den norske allmenningen. Det er likevel ikkje fritt fram for å utnytte ressursane i næringsaugemed, og all næringsverksemd i sjø og på hav føreset at utøvaren er gitt løyve frå norsk mynde til utøvinga enten gjennom kvote, lisens eller konsesjon.

Det er eit stort press på areala i kystsona, og ulike interesser konkurrerer ofte om dei same områda. Bruksinteresser som akvakultur og andre næringsinteresser, sjøtransport, fiskeri, forsvaret, reiseliv og friluftsliv har alle sin rettmessige plass i kystsona. I tillegg har kystsona betydelege natur-, landskaps- og kulturminneverdiar.

Planlegging etter plan- og bygningslova fastset grenser mellom ulike føremål i plankart og retningslinjer. Det er ein målsetnad å sikre god sameksistens mellom ulike interesser og førebyggje konflikter gjennom kunnskapsbaserte planprosessar og politiske prioriteringar. Gjennom planlegging må det skapast ein god balanse mellom bruk og vern av dei ulike verdiane i kystsona.

I enkelte område er sjøarealet ein knapp ressurs. Likevel kan ein sei at den faktiske bruken av sjøareala ikkje er eksklusiv i den forstand at areala vert varig endra eller beslaglagt. Unntaket kan vera til dømes område for akvakultur som kan oppfattast til å ha eit varig beslag på sjøareal. Men også her kan ein tenkje seg at bruken av sjøarealet er reversibelt ved at anlegg kan fjernast.

Regional kystzoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger gir overordna føringar for den kommunale planlegginga og fremjar samordning og prioritering av sektorinteresser. Føringane gitt i planen må tilpassast dei lokale tilhøva i kvar kommune med omsyn til arealbruk og lokale, politiske prioriteringar.



Figur 2 Slåtterøy fyr. Foto Inge Døskeland

Retningslinjer definert gjennom plantema berekraftig kystzoneplanlegging er overordna og gjeld for alle plantema, og er difor definert som generelle retningslinjer. I plankartet er det fastsett 14 arealsoner for regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne (arealsone landskapsområde). Områda omfattar registreringar av nasjonal eller regional verdi innan alle desse plantema. I tillegg til dei regionalt viktige områda som er løfta fram i planen, må også andre område med særskilte verdiar for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne, sikrast gjennom kommunal planlegging. Dei definerte arealsonene i regionalplanen er såleis ikkje uttømande.

God økologisk status og god kjemisk vasskvalitet innan 2021 er målet for Vassforskrifta, som er den norske oppfølginga av EU sitt Vassrammedirektiv. Av omsyn til økologi, friluftsliv og landskap bør ein i arealpolitikken sikre sjø, vatn og vassdrag.

### 3.1 Delmål berekraftig kystzoneforvaltning

Dei ulike interessene i kystsona skal sikrast god sameksistens. Naturressursane skal ivareta som grunnlag for både bruks- og verneinteresser. Verdifulle naturområde, naturmangfald, kystlandskap, kulturminne og kulturmiljø skal sikrast. Mogleighetene for allment friluftsliv skal tryggast og forbetrast.

## 3.2 Marint naturgrunnlag

Det er eit nasjonalt mål at naturen skal forvaltast slik at plantar og dyr som finns naturleg i eit område, skal sikrast i levedyktige bestandar, og at variasjon av naturtypar og landskap skal oppretthaldast. Natur, landskap og friluftsliv er ressursar som har ei tett kopling og gjensidig påverknad, og gir fellesgode som vanskeleg kan omsetjast i økonomisk verdi.

Økosystema i sjøen har ein kompleks dynamikk og påverknadskraft mellom luft, vassoverflate, vassøyle og sjøbotn. Planområdet omfattar skjergardslandskap, fjordarmar og eksponerte havområde, og denne variasjonen gir eit særst variert og rikt plante- og dyreliv. Dei naturgjevne tilhøva gir grunnlag for å oppretthalde struktur, verkemåte og produktivitet for leveområda og dette gir stabil og god rekruttering. Høgt mangfald og sterke bestandar av både plante- og dyreliv kan gi grunnlag for hausting og ressursuttak, til dømes gjennom fiske.

Naturressursane er som oftast knytt til særskilte område eller habitat. Det kan vera ålegrasenger, sjøfuglreservat, korallførekomstar, gytefelt eller liknande. Desse områda kan ein velje å ta større eller mindre omsyn til når ein planlegg bruk av sjøareal, gjennom ei vurdering og vektning av naturinteresser (vern) opp mot samfunnsinteresser (bruk). Det er særst viktig å avklare miljøpåverknad når ein vurderer nye tiltak eller inngrep. Presset på kystsona gjennom utbygging og aktivitet kan vera ein trussel for ein del naturtypar og artar som er avhengig av særskilte tilhøve eller som er sjeldne.

### Naturmangfaldlova (2009)

Føremålet med Naturmangfaldlova er å ta vare på mangfaldet i naturen gjennom berekraftig bruk og vern, og lova inneheld fleire verkemiddel. Etter Naturmangfaldlova er det dei lovfesta prinsippa i §§ 8-12 som skal leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde. Naturmangfaldlova tek utgangspunkt i kunnskap, vurdering av konsekvensar og samla belastning, samstundes som føre-var prinsippet står sterkt. Prinsippet skal, saman med forvaltningsmåla sett i §§ 4 og 5, integrerast i vurderingar etter sektorlover og plan- og bygningslova. Forvaltningsmåla har som overordna mål at naturtypar, økosystem og artar i norsk natur skal takast vare på. I følgje §14 skal omsyn til naturmangfaldet vegast opp mot andre viktige samfunnsinteresser.

### Forslag til marin verneplan

Å fremje areal for vern er eit ledd i arbeidet med å verne eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar. Ytre Hardangerfjord og Korsfjorden er to av i alt 36 kandidatområde i Noreg utpeikt for marint vern av «Rådgivende utvalg for marin verneplan». Dei to kandidatområda innanfor planområdet er store, og skal representere eit utval natur frå kyst og skjergard. Fylkesmannen i Hordaland har starta prosessen som skal leie fram til ei verneforskrift som skal vedtakast av Kongen i statsråd med heimel i naturmangfaldlova §39.

Utstrekning og føringar for dei marine verneområda skal sikre naturverdiane for framtida. Tilhøve kring områda er ikkje avklart. For å hindre negativ påverknad på naturverdiane legg kystsonen til grunn føre-var prinsippet fram til verneområda er endeleg vedtekne. Dette er forankra i retningsline 2.13.

### Naturtypar

Den store variasjonen av naturtypar er ein viktig del av naturmangfaldet, både som levestad for artar og som økosystem. Område med særst høg verdi eller lokalt særskilte naturtypar og artar, må takast vare på og skjøttast, og områda bør synleggjerast og vektleggast i kommuneplanlegginga. Naturmangfald kan synleggjerast som omsynssoner eller føremål knytt til grønstruktur i kommuneplanane. Dette er forankra i generelle retningsliner.

Kjente registreringar av marine naturtypar og artar er kartfesta m.a. i Naturbase og Artsdatabanken. Desse inneheld informasjon om artar og naturtypar som er tru-

#### Naturtyper

- I01 Større tareskogforekomster
  - I02 Sterke tidevannsstrømmer
  - I03 Fjorder med naturlig lavt oksygeninnhold i bunnvannet
  - I04 Spesielt dype fjordområder
  - I05 Poller
  - I06 Litoralbassenger
  - I07 Israndavsetninger
  - I08 Bløtbunnsområder i strandsonen
  - I09 Korallforekomster
  - I10 Løstliggende kalkalger
  - I11 Ålegrasenger og andre undervannsenger
  - I12 Skjellsandforekomster
- #### Nøkkelområder
- I13 Østersforekomster
  - I14 Større kamskjellforekomster Gyteområder for fisk
  - I15 Andre viktige marine naturtyper

Kjelde:


DN-håndbok Kartlegging av marint biologisk mangfold 2007

ga, utsatt for reduksjon, eller er sjeldne. Det er manglande kunnskap om det marine miljøet, og med eit stadig aukande press på kystområda, er det særst viktig å kartlegge naturtypar i sjø. I 2011 vart marine naturtypar kartlagt i Hordaland. Kartlegginga av marine naturtypar omfattar 12 naturtypar og tre nøkkelområde for særlege artar. I tillegg er det opna for å kartlegge naturtypar som har særskilt lokal tyding.

Naturmangfaldlova gir heimel til å vedta utvalte naturtypar. Val av naturtype som vert definert som «utvalt naturtype», er knytt til forvaltningsmålet for naturtypar i naturmangfaldlova § 4. Her heiter det at mangfaldet av naturtypar skal takast i vare innanfor deira naturlege utbreiingsområde. Det er per januar 2017 definert seks utvalte naturtypar: Kystlynghei, slåttemark, slåttemyr, kalksjøar, kalklindeskog og holer eiker.

I tillegg til dette er det definert tretten prioriterte artar, der ein av dei er dvergålegras. Kystlynghei og dvergålegras er direkte knytt til kystsona og dei klimatiske tilhøva langs kysten. Kystlynghei var tidlegare ein dominerande naturtype langs Atlanterhavskysten frå Spania til Lofoten, men er no i sterk tilbakegang, først og fremst fordi områda har gått ut av bruk. Dvergålegrasførekomstar er gode oppvekstområde for småfisk og sjødyr. I tillegg er ålegraseng bølgedempande og gjer at det vert mindre erosjon langs stranda. Det er berre 13 kjende område med dvergålegras som er intakte i dag, og dei finn ein i Oslofjorden, Rogaland og Sunnhordland.

Kystzoneplanen legg særleg vekt på desse to naturtypane, då begge desse har sterk tilknytning til planområdet. Registreringar av kystlynghei av høg verdi, dvergålegras og ålegrasenger er synleggjort i plankartet som arealsone naturmangfald. Retningslinene spesifiserer at prioriterte artar og utvalte naturtypar skal ivaretakast særskilt, jf. retningsline 2.11.



Figur 3. Temakart Marint naturmangfald; Korallrev førekomstar, ålegrassamfunn og kystlynghei.

Korallførekomstar har eit rikt dyreliv og spelar ei viktig rolle i marine økosystem. I planområdet er det registrert spreidde førekomstar, og det er behov for å kartlegge planområdet ytterlegare for å få oversikt over utbreiing og lokalisering. Øyekorall er den viktigaste revbyggjande djupvasskorallen i norske farvatn.

Registreringar av korallrev er synleggjort i plankartet som arealsone naturmangfald. Arealomfang av korallførekomstane i planområdet er ikkje kartfesta, og registreringane er berre punkt festa. Korallar kan vera utsett for effektar knytt til klimaendringar, oppdrett og utslepp med meir. Det bør utøvast varsemd ved å tilpasse aktivitet slik at det ikkje oppstår skade på registrerte lokalitetar. På bakgrunn av dette er korallførekomstane synleggjort i plankartet med 1000 meter buffer kring punktregistreringa. Korallregistreringane er eit av tema laga som er lagt til grunn for å avsette arealsone landskapsområde; regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne.

## Villfisk

Mange fiskeartar lev heile livet i kystområda, og nyttar kysten til gyte-, oppvekst- og beiteområde. Gyteområda er særleg sårbare og er nøkkelområde for reproduksjon hos fisk. Gyte-, oppvekst- og beiteområde for marine artar er kartfesta og må takast omsyn til ved arealplanlegging. Bruk og aktivitet som reduserer verdien av slike funksjonsområde kan ha stor negativ effekt på fiskebestandane. Gyte-, oppvekst- og beiteområde er registrert i Fiskeridirektoratet sin kartportal. Arealplanlegging skal sikre kartlagde gyte- og oppvekstområde for villfisk, jfr retningsline 2.9. I kommuneplankart kan desse synast som arealføremål eller som omsynsone.

Laks og sjøaure er anadrome artar som vandrar mellom ferskvatn og saltvatn. Begge artane er avhengig av ferskvatn for å gyte, medan størstedelen av livet er i saltvatn. I saltvassfasen oppheld sjøauren seg i hovudsak i fjordane i motsetning til laksen som vandrar ut i storhavet. Vandringa opp og ut av vassdrag skjer i eit gitt tidsrom på hausten og på våren. Tidsrommet varierer mellom ytre og indre del av planområdet, t.d. laks i Etnevassdraget som vandrar tidleg på våren og laks i Steindalselva som vandrar på seinare tidspunkt. Det er i dag ikkje kartlagt vandringsrutene til dei anadrome artane, men ein veit at fisken i hovudsak tek kortaste veg og nyttar hovudstraumane i fjordsystema.


Anadrome vassdrag har fiskebestandar som gyt og har yngelstadiet i ferskvatn, men lev det vaksne liv i saltvatn. Det er mange anadrome vassdrag i planområdet med oppgang av både laks og sjøaure. Større anadrome vassdrag er registrert i lakseregisteret, i tillegg er det fleire mindre vassdrag, elvar og bekkar utover desse med oppgang av sjøaure. For mange av lakse- og sjøaurebestandane i planområdet er situasjonen vurdert som sårbar eller kritisk. Det er fleire faktorar som har medverka til negativ utvikling, og bestandsnivåa i dag gjer at bestandane er særst sårbare for menneskeskapte påverknadar. Det er ikkje ønskeleg å etablere nye akvakulturanlegg tett på anadrome vassdrag. Dette er forankra i retningsline 3.3.4. Retningsline frå Mattilsynet anbefaler ei avstand på 2,5 km frå anadrome vassdrag. Dette vert tilpassa lokale tilhøve ved den enkelte søknaden.

Naturmangfaldlova gir heimel til å fastsette kvalitetsnormer for naturmangfaldet. Det er førebels berre ei slik kvalitetsnorm, og den gjeld for ville bestander av atlantisk laks (*Salmo salar*) (FOR-2013-09-20-1109).

§1: «Formålet med denne normen er å bidra til at villlevende bestander av atlantisk laks ivaretas og gjenoppbygges til en størrelse og sammensetning som sikrer mangfold innenfor arten og utnytter laksens produktjons- og høstingsmuligheter. Normen er retningsgivende for myndighetenes forvaltning og skal klargjøre hva som er god kvalitet for villlaks og dermed gi myndighetene et best mulig grunnlag for forvaltningen av bestandene og faktorene som påvirker bestandene av atlantisk laks».

Det vert årleg utarbeidd rapportar som ser på samla tilstand- og risikovurdering for norske laksebestandar (*Status for norske laksebestander*, Vitenskaplig råd for lakseforvaltning). I rapportane vert vassdrag som har eller har hatt sjølvreproduserande bestand analysert og kategorisert. Hovudfunna i rapporten frå 2016 syner at det totale innsiget av villlaks til Noreg i 2015 hadde ei lita auke frå året før, men syner til at lakseinnsiget er meir enn halvert frå 1983 til 2015. Særleg er innsiget av smålaks redusert, og bestandane i Midt-Noreg og Vest-Noreg har gått mest tilbake. For å kompensere for dette er det redusert tilgang for fiske i både sjø og vassdrag, slik at det vert nok gytefisk i dei fleste elvane som er vurdert. Rømt oppdrettslaks og lakselus, samt vasskraftregulering, er vurdert til å påverka flest bestandar negativt og er viktige årsakar til at berre 22% av 104 vurderte laksebestandar i Noreg har god nok kvalitet til å nå kvalitetsnorma for villlaks. I følge Lakse- og innlandsfisklova må regulering av fiske utformast for å sikre produktivitet, diversitet og haustbart overskot. Det er få anadrome vassdrag som var opne for fiske innanfor planområdet i 2016. Av dei 29 registrerte vassdraga i lakseregisteret er tre vurdert i rapporten «*status for norske fiskebestander i 2016*». Følgjande status gjeld for desse tre elvane:

Vurderte vassdrag i planområdet	Kvalitetsnorm 2010-2014	Gytebestandsmål og haustbart overskot	Genetisk integritet (2010-2014)
<b>Etneelva</b> , stor bestand	Svært dårleg	2010-2014: God 2012-2015: God	Svært dårleg
<b>Rosendalselva</b> , liten bestand	Svært dårleg	2010-2014: Dårlig 2012-2015: Dårlig	Svært dårleg
<b>Steindalselva</b> , middels stor bestand	Svært dårleg	2010-2014: Svært dårleg 2012-2015: Svært dårleg	Svært dårleg



Figur 4. Kart over laksevasdrag i deler av Hordaland, og nasjonal laksefjord. Kjelde: lakseregisteret.

Det er oppretta nasjonale laksevasdrag og laksefjorlar for å gi eit utval av dei viktigaste laksebestandane i Noreg eit særleg vern. I planområdet er Etneelva klassifisert som nasjonalt laksevasdrag og Etnefjorden-Ølensfjorden som nasjonal laksefjord, sjå figur. Laksefella i Etneelva er sentral i arbeidet med å betre tilhøva for villfisk og hindre oppgang av rømt oppdrettsfisk. I 2016 vart det registrert 2169 villaks, 1045 sjøaure og 130 oppdrettsfisk i laksefella (kjelde: etnelaks.no).

### Påverknad frå oppdrettsnæringa på naturgrunlaget

Dagens produksjon av laks og regnbogeaure i planområdet medfører ein stor påverknad på vill laksefisk (laks og sjøaure) i området. I følgje rapportane Risikovurdering norsk fiskeoppdrett 2016 og Status for norske laksebestander i 2016 er rømming og lakselus av dei viktigaste miljøutfordringane i norsk fiskeoppdrett. Rømt oppdrettslaks utgjør ein betydeleg trussel for villfisk, har størst påverknad og størst risiko for ytterlegare reduksjon og tap av bestandar (genetisk innblanding). Lakselus framstår i tillegg som ein ikkje stabiliserande bestandstrussel. Ei anna utfordring oppdrettsnæringa har er sjukdom. Det er manglande data/kunnskap om smittefare til villfisk. Det er ikkje dokumentert at sjukdom frå oppdrettsverksemd spreier seg til villfisk i sjøfasen, men det finst dokumenterte samanhengar i elvar. Generelt er bestandsstatusen i 2016 for laks i midtre og indre deler av Hardangerfjorden dårleg. Det er ein klar gradient i bestandstilhøva innover i fjordsystemet, med dårlegare tilstand i vassdraga i midtre og indre del av fjordsystemet. For sjøaure varierer status og utvikling monaleg mellom vassdrag og regionar. Det er ein klar samanheng mellom intensitet av oppdrettsproduksjonen og risiko for rømming og produksjon av lakselus. Desse tilhøva er nærare handsama i akvakulturkapittelet.

Ulike typar reinsefisk vert nytta som eit av verkemidla for å redusere lusnivåa i oppdrettsmerdane. Den store etterspurnaden medfører til dels hardt lokalt fiske på leppefiskartar som igjen kan redusere bestandane lokalt. Det er fleire stader starta oppdrett av reinsefisk som leppefisk og rognkjeks, noko som blant anna kan gi redusert risiko når det gjeld utnytting av dei ville bestandane.

### 3.3 Fiskeri

Arealbehov knytt til yrkesfiske omfattar i utgangspunktet heile kysten. Fiskarane er avhengige av å kunne følgje fiskebestandane, og dei nyttar kystareala på ein mobil og fleksibel måte. Planområdet har eit rikt fiskerimiljø og kan sjåast på som kjerneområde for kystfiske i Hordaland. Det er registrert fleire hundre fiskebåtar og yrkesfiskarar innanfor planområdet. Mange av desse båtane fiskar i havområda, men har sterk tilknytning til regionen og har behov for tilkomst og plass ved landligge. Kystfiskeflåten og sjarkfiskarar nyttar mellom anna sjøområde som ligg innafør planområdet.


Det er registrert ca. 250 fiskebåtar inntil 20 meter, ca. 40 fiskebåtar over 20 meter, samt ca. 500 yrkesfiskarar innanfor planområdet (2015 tal).

I tillegg til fartøya som driv aktivt kystfiske i området nyttar store deler av havfiskeflåten hamneområde innanfor planområdet, særleg i Austevoll og Bømlo. I planområdet er det registrert 42 fiskerihamner. Plankartet synleggjer fire større fiskerihamnar i planområdet; Salthella, Storebø og Torangsvåg i Austevoll kommune, og Hovlandshagen/Langevåg i Bømlo kommune. Med auka press på utbygging og aktivitet i strandsona må sentrale og viktige fiskerihamner takast vare på og prioriterast for fiskerinæringa. Dette omfattar både land- og sjøareal. Dette er forankra i retningsline 2.19.

Kystfiske har lang historie og har i stor grad påverka utviklinga langs kysten, både med omsyn til framvekst av store og mindre lokalsamfunn, samt utbygging av infrastruktur. Kulturmiljø knytt til handelsstadar og fiskerimottak er sentrale. I dag er fiskerinæringa modernisert og ein ser ei utvikling mot større båtar og nye fiskemetodar. Samstundes er kystfisket knytt til tradisjonelt fiske og består av mindre fartøy enn havfiskerinæringa. Fiskeområda er for nokre artar spesifikke til område ut frå naturgitte tilhøve, til dømes reke, medan andre fiskeartar som går i stim, har ein større arealfleksibilitet.

Fiske kan som regel kombinerast med anna arealbruk, med unntak av faste installasjonar på sjøen, samt at nokre typar fiskeri ikkje lar seg kombinere med installasjonar på botn (til dømes botntrål). Område avsett til akvakultur kan ikkje kombinerast med fiske. I tillegg til sjølve arealbeslaget til anlegget, er det fiskeforbod 100 meter ut frå anlegget. For nokre typar fiskeri vil forføringane til anlegget i tillegg medføra avgrensingar på utøvinga av fisket. I tillegg til konflikter knytt til akvakultur vil det kunne vera konflikter mellom fiskeria og andre interesser. Marine næringsområde i sjø, som til dømes rigg-, ankring-, og opplagsområde kan medføra arealbeslag som gjer at områda vanskeleg kan nyttast til fiske. Forureining frå annan næringsverksemd kan påverka fiskeria indirekte ved at ressursgrunnlaget får redusert verdi. Aktivitetar på botnen slik som sjødeponi og mudring kan vere til hinder for fiske, det same kan marine kulturminne.

Fiskeria kan òg påverka naturgrunnlaget. Dette gjeld både direkte påverknad på bestandane som vert hausta, men òg påverknad på andre artar gjennom reiskapsbruk. Fiskereiskapar kan påverka botnhabitata på ulikt vis, og botntrål er den reiskapen som har størst påverknad på botnen. Det har vore særleg fokus på denne problemstillinga knytt til øydelegging av korallar, men bruk av botntrål vil òg kunna ha stor påverknad på andre typar botnsamfunn.



Figur 5. Temakart fiskeriinteresser; Rekestrålfelt og fiskeområde med aktive reiskap.

Fiskeområde for både passive og aktive reiskap er kartfesta. Arealplanlegging må baserast på heilskaplege vurderingar for større samanhengande område, slik at det vert sikra at alle interessene vert ivareteke. Avgjerande moment for fiskeri er tilgang og tilkomst til areal for å drive fisket, samt hamnefasilitetar.

### Tråling

Det er registrert fleire trålfelt i planområdet, mellom anna for reketråling. Førekost av reke er knytt til særskilt type botnhabitat og rekebestanden har difor relativt avgrensa leveområde. I tillegg har tilhøva på botn tyding for kor det kan drivast tråling. Dette inneber at det er avgrensa område som er aktuelle for tråling etter reker. Slike område er sårbare for inngrep med omsyn til dei naturgjevne tilhøva, men også i høve til hindringar for trålskip.

Reketråling har gått tilbake dei siste 15-20 åra i planområdet. Ein del reketrålfelt er i dag lite nytta, mellom anna på grunn av bestandssituasjonen for reker eller andre økonomiske/marknadmessige tilhøve. Dette er faktorar som endrar seg over tid, og felte kan igjen få stor tyding. Det må takast omsyn til reketrålfelt som fiskeriressurs, men også som naturressurs. Trålfelt er registrert i Fiskeridirektoratet sin kartportal. Kommunane skal inkludera viktige trålfelt i kommuneplanane, der dei kan synast som arealføremål fiske. Dette er forankra i retningsline 2.10.

Fleire av dei registrerte trålfelta er allereie i dag forringa ved at det er etablert tiltak innanfor registrerte felt. Det er behov for oppdatering av datasettet, og ei meir detaljert kartlegging og prioritering av trålfelta. Det bør ikkje leggest anna arealbruksføremål på områda som er vurdert som viktige, intakte reketrålfelt (til dømes akvakultur, småbåthamner etc).

### Låsetjingsplassar

I samband med kystnotfiske har det vore vanleg å låsetje levande fangst før levering. Sjøområde som er eigna til låsetjingsplassar er mellom anna knytt til djupne, straum, botntopografi og moglegheit for fortøyning. I planområdet er det registrert om lag 480 slike plassar. Låsetjingsplassane har varierende bruksfrekvens, noko som har samheng med kor det vert drive fiske, bestandsituasjonen og så vidare. Samstundes kan lokaliteten vera avgjerande for det lokale fisket når den først er i bruk.

Havressurslova gir føringar og restriksjonar knytt til lås- og stengsetting, og fastset mellom anna forbod mot å ferdast nærare enn 20 meter frå slepekast eller steng som er fortøyd i land eller oppankra på annan måte. Det er vesentleg å overhalde avstandskravet då fisk, særskilt brisling, er sensitiv for forstyrringar. Andre forstyrringar som t.d. fylling i sjø og sprenging av fjell vil også kunne forstyrre fisken når den står i nøtene. Når fisken står i lås er det eit avgrensa areal som vert brukt, men levering av fisk er arealkrevjande. Det krev areal for manøvrering av båtar, nøter og anna utstyr. Aktivitet og press på bruk av strandsona er aukande, og arealplanlegging må skape god samverknad mellom aktivitet på land og i sjø. Låsetjingsplassane er registrert i Fiskeridirektoratet sin kartportal. Kommunane skal inkludera viktige låsetjingsplassar i kommuneplanane, der dei kan synast som arealføremål fiske. Dette er forankra i retningsline 2.19.

På same måte som for trålfelt bør det heller ikkje i desse områda etablerast arealbruksføremål som kjem i konflikt med viktige og intakte låsetjingsplassar. Det er til dømes i planframlegget avsett område med fleirbruks arealsoner som inkluderer akvakultur, der det inngår registrerte låsetjingsplassar. Slike område må vurderast før dei eventuelt vert sett av til reine akvakulturføremål i samband med revisjon av kommuneplan.

### Reinsefisk

Reinsefisk vert nytta som eitt av verkemidla for å redusere lusnivåa i oppdrett av laks og regnbogeaure. Det vert drive eit blandingsfiske etter leppefisk, og det vart i 2013 omsett for om lag 14 millionar leppefisk på landsbasis. Langs kysten av Vestlandet er det gode bestander av leppefisk, og regionen er i prinsippet sjølvforsynt. Mange anlegg nyttar primært fisk som er fiska relativt nært oppdrettslokalitetane. Fiske etter leppefisk kan gi ei god inntektskjelde for lokale fiskarar. Leppefisken er ganske stadbunden, og det kan vera fare for overfiske av lokale bestandar. Det er difor behov for kartlegging av bestandane, regulering av fisket, og oppdatert kunnskap om effektane ved bruk av leppefisk.

## 3.4 Andre bruksinteresser

### Reiseliv

Reiseliv har utvikla seg frå å vere ein tradisjonell bidragsytar innan transport og overnatting til å bli ein opplevingsindustri og ei drivkraft for ny verdiskaping. Fjordane på Vestlandet har vore reisemål for turistar i over 100 år. Dei har fått ny aktualitet mellom anna ved kåringa til verdas beste reisemål i 2009 av National



Geographic Magazine og verdsarvområde av Unesco. Turismen på Vestlandet er i stor grad tufta på opplevingar knytt til landskap, natur, friluftsliv og kultur. Planområdet har mange gjestehamner, og er eit attraktivt område for småbåtturistar om sumaren. Det er i tillegg ein stor marknad for utleigehytter som ligg i nærleiken til sjøen.

I dei seinare åra har turistfiske utvikla seg og det er no ei etablert næring. Denne næringa er samansett, aktørane som tilbyr og legg til rette for fiske i sjøen er av varierende storleik, og tilboda er ulike. Viktige stikkord er rorbuerie, utleige av fiskebåtar og tilrettelegging for oppbevaring av fangst. Denne næringsverksemda har ei rekke positive ringverknader, som direkte verdiskaping, arbeidsplassar og annan avleia verksemd.

Reiseliv er eit særleg satsingsområde i arbeidet med næringsutvikling i Hordaland. Dette er forankra i *Regional næringsplan 2013-2020*. Visjon og mål for arbeidet med reiseliv i Hordaland er å vere best i Norden innan natur- og kulturbaserte opplevingar. Gjennom samarbeid og innovasjon skal det utviklast berekraftige tilbod innan kultur- og naturbaserte opplevingar. Å sikre allemannsretten og tilgang til friluftsområde, både dei små, grønne lungene i nærmiljøet, dei større samanhengande friluftsområda og tilgang til sjøområda, er positivt i reiselivssamanheng.

Reiselivsnæringa i området baserer seg i stor grad på opplevingar knytt til landskap, natur, friluftsliv og kultur. Etablering av dei 14 regionalt viktige områda for landskap, natur, friluftsliv og kultur vil vera med på å bidra til at desse verdiane vert sikra, mellom anna som eit grunnlag for turisme. Dette gjeld både for reiseliv retta mot utanlandske turistar, men òg lokal turisme knytt til småbåtturisme, gjestehamner og utleigehytter. Dei kartlagde regionalt viktige næringsområda til sjø inkluderer mellom anna reiselivsanlegg ved sjø av regional tyding.

### **Skjelsanduttak**

Det er kartlagt relativt store mengder skjelsand på sjøbotnen i kystområda i Hordaland. Førekomstane er kartfesta og kan finnast på kartportalen til Hordaland fylkeskommune ([kartinvest.no](http://kartinvest.no)). Rettane til skjelsandførekomstane ligg til staten i medhald av kontinentalsokkellova. Skjelsand er mellom anna nytta som kalkkjelde i jordbruket, men har også ei rekkje andre bruksføremål. Opptak av skjelsand krev konsesjon, og konsesjonsmyndet er delegert til fylkeskommunen.

Både plan- og bygningslova og kontinentalsokkellova har innverknad på planlegging av skjelsandopptak. Skjelsandførekomstar må vektast i planlegging, og det må vurderast om konsesjonsområde for skjelsandopptak skal visast i kommuneplanens arealdel som råstoffutvinning. Dette er synleggjort i retningsline 2.8

Skjelsandopptak vil medføre terrenginngrep, og det er viktig å ta omsyn til andre interesser som ferdsle, fiske, biologisk mangfald, friluftsliv og havbruk. Fylkeskommunen kan i konsesjonen fastsetje nærare vilkår for å ta omsyn til særskilte interesser.

### **Tiltak i sjø og forureiningslova**

Arealplanar må opplyse om eventuelle tiltak i sjø. Tilhøve knytt til eventuell forureining bør avdekkast tidleg i planprosessane, slik at det kan leggjast føringar for å hindre forureining. Alle tiltak i sjø og vassdrag som er omfatta av forureiningslova eller -forskrifta treng løyve frå forureiningsstyresmaktene. Løyve kan bli gitt etter søknad til fylkesmannen. Andre tiltak i sjø og vassdrag treng handsaming av kommunen etter plan- og bygningslova.

Mudring og disponering av massar og materialar i sjø og vassdrag er regulert av forureiningsforskrifta. Tiltak i sjø og vassdrag som kan føre til nemneverdig skade eller ulempe for miljøet, men som ikkje er regulert etter forskrifta, treng handsaming direkte etter forureiningslova. Uttak av skjelsand er ikkje rekna som mudring. Miljødirektoratet har utarbeida rettleiarar innan tematikken.

### **Forsvaret**

Forsvaret er ein stor brukar av kystsona i Hordaland. Topografien i kystsona gjer militære operasjonar kompliserte og krev god koordinering. Forsvaret har behov for areal til skyte- og øvingsfelt, seglingsleier, vente- og kamouflasjeposisjonar, prøviefelt for ulike våpentypar, festningsanlegg, fort, kaiområde og faste område for landgangsfartøy. Kystvakta har òg ei viktig oppgåve i samband med forvaltninga av norske ressursar i havet. Av omsyn til tryggleik og beredskap legg forsvarsinteressene visse avgrensingar på annan arealbruk i deler av kystsona.

Dei varierende aktivitetane i Forsvaret krev eit breitt spekter av skyte- og øvingsfelt, både faste og mellombelse. Bruken av desse felte er skiftande. Det er naudsynt for Sjøforsvaret å kjenne alle farvatn rundt heile

kysten, og heile kystfarvatnet vert nytta til taktiske øvingar/manøvrering utan bruk av skarpe våpen. Forsvaret freistar å halda øvingar slik at det vert minst mogleg konflikt med fiskeriinteresser, naturverninteresser, akvakultur og annan sivil aktivitet.

Det er ei føremom om Forsvaret sine eigedomar og interesseområde i størst mogleg grad vert integrert i kommunale arealplanar. Dette er synleggjort i retningsline 2.12. Viktig informasjon om restriksjonar på ferdsel og avgrensing av buffersoner rundt sjømilitære installasjonar bør òg samordnast og gjerast tilgjengeleg.


### 3.5 Friluftsliv

Kystsona byr på særlege kvalitetar for mange fritidsaktivitetar. Tilgjengeleg natur er avgjerande for at allmenta skal ha høve til å utøve friluftsliv som ein helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg fritidsaktivitet. Friluftsbuiken er avhengig av kvalitetane på staden, til dømes kor bratt det er og om området er eigna for bading, fiske og rekreasjon. Ei heilskapleg planlegging for å ta i vare opne og tilgjengelege strandsoneareal, samt god tilgang til sjø, er sentralt i friluftssamanheng. Dette er mellom anna synleggjort i retningsline 2.26.

Bruk av kystsona til friluftsliv er aukande. Koplinga mellom sjø og strandsone er særskild sterk for friluftslivet, og båtliv og fritidsfiske er blant dei friluftaktivitetane som er mest utbreidd. Samstundes er kystsona attraktiv for utbyggingsføreml. Auka aktivitet og press på kystsona kan føra til at dei tilgjengelege areala til allmenne føremål for friluftsliv vert avgrensa. Arealplanlegging må ta omsyn til og forbetra mogleheitene for friluftsliv. Dette kan sikrast både i føresegner og ved prioritering mellom arealføreml. Lokale friluftsområde, tilrettelagde eller ikkje, har verdi i det daglege og har gevinst i høve til helse og bukvalitet.

Det er sikra mange område for friluftsliv i planområdet. Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) og Friluftsrådet Vest står for forvaltninga av desse gjennom Vestkystparken som er etablert for å sikre ei heilskapleg forvaltning av friluftsområda langs kysten. Det vart i 2008 gjennomført ei kartlegging og verdisetjing av regionale friluftsområde i eit samarbeid mellom fylkesmannen og fylkeskommunen. Denne kartlegginga gir ei oversikt over og kartfesting av samanhengande område med friluftressursar. Dei kartlagde regionalt viktige friluftsområda i Hordaland gir eit godt grunnlag for kommunen si planlegging, og i samband med kommuneplanlegging bør i tillegg lokale friluftsområde kartleggast og fremjast.

Tilgang til friluftsområde frå både land og sjø er sentralt for det allmenne friluftslivet. Planlegging av samanhengande kyststiar knytt til tettstadar bør vurderast i samband med kommune- og reguleringsplanarbeid. Desse må planleggast med gode korridorar og sentrale knutepunkt knytt til hamn eller marina for tilkomst til sjøområda.



Figur 6 Temakart friluftsliv; Regionale friluftsområde, statleg sikra friluftsområde og anadrome laksevassdrag.

Både ei eventuell utviding av akvakulturnæringa og annan næringsaktivitet vil kunna verka negativt inn på bruken av nærområda til friluftsliv. Det vil vera subjektivt i kor stor grad ulike typar næringsverksemd vil redusera verdien av nærområda til friluftsopplevingar. For dei fleste vil likevel tyngre naturinngrep verka negativt inn. Samstundes kan friluftsliv i seg sjølv verka forstyrrande på naturmangfaldet i sårbare område og til visse tidspunkt. Det bør til dømes synast varsemd når det gjeld ferdsel rundt viktige hekkeområde i hekkeseongen.

Det er definert retningsline i 3.3.3 som synleggjer trong for vurdering og omsyn til lokalt friluftsliv og lakseførande vassdrag ved lokalisering av nye akvakulturanlegg. Dette omfattar mellom anna omsyn til lokale ba-deplassar og område med båtutfart/ kajakkpadling.

Regionale friluftsområde er registrert i Hordaland. Registreringane er verdisett til A, B og C, og det er skildra kva brukstype området har. Heile planområdet er ikkje omfatta av dette, men Rogaland har registrering knytt til FINK. Det er særleg dei regionale friluftsområda med verdi A og B som er lagt til grunn for planarbeidet. I tillegg er dei statleg sikra friluftsområda i planområdet tekne omsyn til. Det er gjennom planframlegget etablert arealsoner som skal ivareta viktige regionale område for landskap, natur, friluftsliv og kultur. Friluftsliv er ein av verdiane som inngår i desse arealsonene, og vert såleis spesielt ivareteke i dei 14 områda.

### Småbåthamn og fritidsfiske

Planområdet er frå naturen si side rik på område med gode kvalitetar for friluftsliv på og ved sjøen. Desse kvalitetane må takast vare på for dagens og framtidige generasjonar. Som ein del av *Interkommunal strandsonenplan for Sunnhordland* er det gjennomført ei kartlegging av eksisterande småbåtområde. Kartlegginga syner at i Sunnhordland ligg om lag halvparten av småbåtene i organiserte småbåtområde/-hamner og resten spreidd og enkeltvis. Koplinga mellom land og sjø må styrkast i arealplanlegginga for å unngå bit-for-bit utbygging. Behovet for småbåthamn/-anlegg må vurderast heilskapleg for større samanhengande kyststrekningar, og konsekvensane for nærliggjande område må vurderast ved lokalisering av småbåthamner og småbåtanlegg. Dette er forankra i fleire retningsliner knytt til tema strandsone.

Fritidsfiske og turistfiske har auka i takt med utbygging av hyttefelt og turistanlegg. Sjøområda er store og tilgjengelege, medan strandsona er ein avgrensa ressurs. For å unngå at det i ettertid oppstår eit press for etablering av meir tilfeldige båtplassar bør det ved planlegging av hytteområde eller reiselivsplanlegg der sjøen er ein attraksjon, planleggast for tilgang til båtplassar eller felles hamn.

## 3.6 Landskap og kulturminne

Landskapet er samansett av ei rekkje fysiske komponentar forma av naturprosessar og av menneskeleg inngrep og aktivitet. Eit område sin landskapsverdi er sett saman av ein eller fleire landskapselement, som til dømes terrengformer, særeigne element i landskapet, landemerke og kulturhistoriske element. Ubrotne drag og liner i landskapet som strandline og horisont er døme på grunnleggjande estetiske kvalitetar. Landskapet sin verdi vil i stor grad også vere knytt til opplevinga av det, både som fysisk og kulturelt landskap. At eit variert og innhaldsrikt landskap har høg verdi har samanheng med ei rekkje forhold, mellom anna stadkvalitet, bu- og levevilkår, kulturminne/ kulturmiljø, kulturlandskap, friluftsliv og eit stadig viktigare reiseliv. Planområdet har eit stort mangfald av landskapstypar, og omfattar kategoriane «kystbygder på Vestlandet», «ytte fjordbygder på Vestlandet», «midtre fjordbygder på Vestlandet», «indre fjordbygder på Vestlandet» og «låg fjellet i Sør-Norge».

Delar av kystlandskapet er visuelt meir sårbart enn andre og bør av den grunn takast særleg omsyn til. I eit ope urørt landskap kan sjølv små tiltak ruva i terrenget og vere med på å redusera området sine estetiske kvalitetar. Rettleiaren "*Råd om landskap i kommunal planlegging i Hordaland*" inneheld råd om korleis ein i planarbeid kan ta omsyn til landskap og medverke til at nye byggetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadene.

Kysten er rik på kulturminne og kulturmiljø som fortel om utviklinga av livet langs kysten. Landskapet og dei naturgjevne og historiske føresetnadane høyrer uløysleg saman med kulturminna og fortel historia om kystsona. Planområdet har sterke historiske band til kystsona, og ein finn mange verneverdige bygningar, bygningsmiljø og kulturlandskap her. Kulturminne, sjøbruksmiljø og kulturlandskap må takast vare på som ein historisk verdi og som ein viktig del av kystkulturen. For å oppretthalde sjøbruksmiljøa og kulturlandskapet krev det skjøtsel og bruk. Sjøbruksmiljøa og kulturlandskapet treng skjøtsel og bruk for å verta ivareteke og oppretthalde. I desse områda må ein syna særleg varsemd med inngrep i landskapet. Det er gitt føringar for at kommunane bør fastsetje retningsliner knytt til skjøtsel for å ta i vare og oppretthalde natur- og kulturlandskapet. Dette må særleg vurderast for område med arealsoner knytt til kulturlandskap og natur. I dei ver-

difulle kulturlandskapsområda må det takast vare på kulturminne, landskapstype, biologisk mangfald og opplevingskvalitetar for framtida. I desse områda må ein syna særleg varsemd med inngrep i landskapet. Kommunane bør vurdere å legge retningsliner knytt til skjøtsel for å ta vare på og oppretthalde natur- og kulturlandskapet. Dette må særleg vurderast for område med omsynsone knytt til kulturlandskap og natur, og er forankra i retningsline 2.6.

Kulturminne er rekna som ikkje-fornybar ressurs, og alle stadbundne kulturminne frå før reformasjonen (1537) er automatisk freda. Målet for kulturminnevernet er at omsyn til dei ulike kulturminneverdiane på best måte skal sikrast gjennom lokal og regional arealplanlegging og utgjere eit viktig grunnlag for verdiskaping og næringsutvikling. Av kulturminne frå nyare tid vil ivaretaking gjennom kommunal planlegging vere eit viktig verkemiddel. Dette er forankra i retningsline 2.7.


Fylkeskommunen har i følgje kulturminnelova eit ansvar for å forvalte kulturarva. *Regional kulturplan for Hordaland (2015-2025)* er revidert og vart vedteken desember 2014. Planen legg grunnlag for prioriteringar i den fylkeskommunale kultur- og idrettssatsinga og for den samla kulturpolitiske satsinga i fylket.

*Sjøbruksmiljø og Kulturminnerik strandsone* er kartlagt som del av *Interkommunal strandsonenplan for Sunnhordland*. Sentralt for kartleggingsarbeidet har vore å synleggjere den historiske bruken av strandsona, samt vise det kulturhistoriske særpreget i regionen. Kartlegginga identifiserer dei kulturminna og kulturmiljøa i Sunnhordland som set eit særpreg på strandsona i regionen, og som Sunnhordlandskommunane har eit særskilt forvaltningsansvar for. Det er manglande data for indre del av planområdet. Dette gjer at ein ikkje har eit fullstendig bilde over verdiane knytt til desse datasetta, og såleis heller ikkje heile bildet i høve til mogleg arealkonflikt.

Kulturminnelova si undersøkingsplikt vil vera gjeldande både for areal i strandsona og i sjø. Ein har per i dag betre registreringar og oversikt på land enn i sjø. Ved planlegging i sjø er det naudsynt å utøve aktsemd i område som er vurdert til å ha høgt potensiale for funn av kulturminne.

I takt med at samfunnet endrar seg vert òg landskapet endra. Det kan vera utfordrande å vurdere kva konsekvensar ulike inngrep har på landskapet, i og med at slike vurderingar i stor grad vil vera subjektive, og vil vera knytt til korleis kvar einskild opplever landskapet. For nokre vil til dømes eit akvakulturanlegg i eit viktig friluftsområde opplevast som eit framandelement som i stor grad reduserer natur- og landskapsopplevinga. Andre vil kunna sjå anlegga som ein naturleg del av det moderne kystlandskapet, og meiner at det symboliserer eit livskraftig og levande samfunnsutvikling.

Planområdet har mange område med stor landskapsverdi, og det er ikkje mogleg å skjerma alle desse for tekniske inngrep. Nokre område er likevel peika ut som spesielt viktige, og har blitt gitt ei arealsone, som skal ivareta kvalitetar knytt til mellom anna kultur og landskap. I desse områda vert det lagt føringar for tyngre tekniske inngrep som skal bidra til å oppretthalde verdiane innanfor arealsonene.



Figur 7. Temakart landskap/kultur; Landskap med kulturhistorisk verdi, kulturminnerik strandsone og sjøbruksmiljø.

### 3.7 Regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne


Kystsona og livet i sjøen har eit stor mangfold, og er verdifull og attraktiv for både bruks- og verneinteresser. Allmenne interesser, oppleving, kunnskap, historie og bruk er sterkt knytt til kystsona, landskap, natur, friluftsliv og kulturminne. Mange av registreringane innan desse tema er ofte samla innanfor relativt avgrensa område, og har ein gjensidig påverknad. Til dømes er det naturleg at friluftsiinteresser er sterke i område med landskaps-, natur- og kulturminneverdiar.

I planarbeidet er dei fire plantema landskap, natur, friluftsliv og kulturminne, sett i samanheng for å kartfeste større samanhengande område av regional verdi. Område som omfattar registreringar av nasjonal eller regional verdi innan alle fire plantema er definert som arealsone landskap. Intensjonen med å kartfeste desse sonene er å synleggjere sumverknad av landskap, natur, friluftsliv og kulturminne, og gi retningsliner knytt til desse for å ivareta verdiane. Temalaga er knytt til både sjøområda og strandsona, og desse er sett i samanheng for å finne koplingar og knutepunkt mellom sjø og strandsona. Kommunestruktur eller eigarstruktur er ikkje vurdert i samband med arbeidet med å lokalisera områda, dei er utelukkande avgrensa på grunnlag av kartfesting av dei eksisterande verdiane.

Kartfestinga inneber ikkje i seg sjølv eit vern, men områda skal takast vare på gjennom omsyn i lokal planlegging og forvaltning. Det er ikkje eit mål å legge lokk på lokal utvikling, men at det i områda må vera ei tilpassa utvikling tufta på berekraftprinsippet, og med omsyn til dei registrerte verdiane. Avgjerande moment er *omsyn før bruk, tilpassa bruk og utvikling, samt skjøtsel gjennom bruk*. I konkrete saker må kommunane gjera ei vurdering av om tiltaka sin karakter og omfang vil redusere verdiane, og ut frå dette gjera vedtak i saka.

Innanfor arealsone landskap skal nye tiltak tilpassast og ivareta omsyna. Større tekniske inngrep skal som hovudregel ikkje tillatast i urørte område. Det skal som hovudregel ikkje leggjast ut nye område for akvakultur innanfor desse område. Det er samstundes presisert i retningsline 3.1.2 at eksisterande næringsområde innanfor arealsona kan nyttast vidare. Det er i desse områda eit særskilt fokus på estetikk og tilpassing for eksisterande anlegg og tiltak. Natur- og kulturkvalitetane innanfor områda som er omfatta av arealsone landskapsområde vert på denne måten sikra.

Det er kartfesta 14 arealsoner for regionale område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne i planområdet.



Figur 8. Arealsoner for regionalt viktige områder for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne

#### 1 Marsteinen – Skorpo (Austevoll kommune)

Deler av området er omfatta av forslag til marin verneplan (Korsfjorden). Det ligg fleire gyteområde i sona, det er registrert ein korallførekomst, førekomstar av kystlynghei og både svært viktig (verdi A), viktig (verdi B) og lokalt viktige (verdi C) naturtypar. Området har fleire registrerte kulturminne, den vestlege delen av områ-

det (kring Stora Kalsøy) er registrert som kulturminnerik strandsone, og området har potensiale for funn av marine kulturminne. Det ligg i tillegg fleire registrerte sjøbruksmiljø innan sona i fredingsklasse med høge verneverdiar knytt til både enkeltobjekt og samanhengen dei ligg i. Området har fleire statleg sikra friluftsområde, og svært viktige (verdi A) regionale friluftsområde. Landskapet i området er registrert med middels verdi.

## **2 Møkster – Skoltafjorden – Fugløya (Austevoll kommune)**

Området har fleire sjøfuglreservat, førekomstar av kystlynghei og større område med svært viktige (verdi A) og viktige (verdi B) naturtypar både i sjø og i strandsona. Det ligg fleire svært viktige (verdi A) kystlyngheiområde innanfor sona. Området kring Møkster er registrert som kulturminnerik strandsone. Store deler av området er registrert som viktig (verdi B) regionalt friluftsområde, og landskapet er registrert med stor verdi.

## **3 Fitjarøyane (Fitjar og Bømlo kommune)**

Fitjarøyane har store naturverdiar. Dette inkluderer fleire gyteområde, tre sjøfuglreservat, større område med svært viktige (verdi A) og viktige (verdi B) naturtypar. Fleire av øyene er registrert som svært viktige (verdi A) område for kystlynghei. Deler av området er registrert som kulturminnerik strandsone, og store deler av området er registrert som landskap med kulturhistorisk verdi. Store deler av området har dessutan potensiale for marine kulturminne. Det ligg fleire sjøbruksmiljø i fredingsklasse i Fitjarøyane, med høge verneverdiar knytt til både enkeltobjekt og samanhengen dei ligg i (verdi A). Fleire av øyane er synt i kommuneplanen med omsynssone kjerneområde for kystgardar eller kystlynghei. Det ligg fleire statleg sikra friluftsområde innan sona, og store deler av området er registrert som svært viktige regionale friluftsområde. Deler av området er dessutan omfatta av omsynssone for friluftsliv i Bømlo kommune. Landskapet i Fitjarøyane er registrert med stor verdi.

NOU 1986: 13 "Ny landsplan for nasjonalparker" fremja forslag om å verna Fitjarøyane som nasjonalpark eller landskapsverområde. Lyngheilandskapet var den viktigaste enkeltfaktoren som tala for vern i 1986. Dette møtte motstand, og Fitjar kommune fekk i 1992 (St.meld. nr. 62 Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge, 1991-92) godkjent Kommunedelplan 1989-1997 for Øyane som eit alternativ til vern.

## **4 Børøyfjorden – Kanalane (Bømlo kommune)**

Deler av området er omfatta av omsynssone for natur i kommuneplanen. Det er fleire registreringar av viktige (verdi B) og lokalt viktige (verdi C) naturtypar innanfor området, og det er fleire gytefelt innanfor sona. Det ligg eit anadromt vassdrag innanfor sona. Den austlege delen av området er registrert som kulturminnerik strandsone, og den sørlege delen av sona har potensiale for marine kulturminne. Området har fleire statleg sikra friluftsområde, og store deler av området er registrert som svært viktige (verdi A) og viktige (verdi B) regionale friluftsområde. Store deler av sona er omfatta av omsynssone for friluftsliv i kommuneplanen for Bømlo. Landskapet i området er registrert med stor og middels verdi.

## **5 Espevær - Holsøyane (Bømlo kommune)**

Området har fleire sjøfuglreservat, fleire område med svært viktige (verdi A), viktige (verdi B) og lokalt viktige (verdi C) naturtypar, blant anna svært viktige (verdi A) kystlyngheiområde. Espevær er ein del av eit område registrert med kulturminnerik strandsone, og heile den sørlege delen av området er landskap med kulturhistorisk verdi. Dei sørlege delane har dessutan potensiale for marine kulturminne. Det ligg fleire sjøbruksmiljø i fredingsklasse på Espevær, med høge verneverdiar knytt til både enkeltobjekt og samanhengen dei ligg i (verdi A). Området kring Espevær og Nordøyane er registrert som svært viktige (verdi A) regionale friluftsområde. Landskapet i sona er registrert med stor verdi.

## **6 Bårdsundet (Tysnes kommune)**

Det er fleire registrerte gyteområde og ei korallregistrering i området. Heile sona er registrert som kulturminnerik strandsone, og den vestelege delen av området har potensiale for marine kulturminne. Det ligg fleire sjøbruksmiljø med verneverdiar knytt til enkeltobjekt og miljø (verdi B) i området. Heile området er registrert som eit viktig (verdi B) regionalt friluftsområde. Store deler av området har landskap som er registrert med stor verdi.

## **7 Godøya (Tysnes kommune)**

Den vestlege delen av området har fleire sjøfuglreservat. Store deler av området er registrert med kulturminnerik strandsone, og den austlege delen har potensiale for marine kulturminne. Området er registrert som eit svært viktig (verdi A) regionalt friluftsområde, og den nordlege sona har stor landskapsverdi.

### **8 Lygrespollen (Fusa kommune)**

Det er registrert eit gyteområde og ein viktig (verdi B) naturtype i dei indre delane av Lygrespollen. Langs heile strandsona finst det eldre SEFRAK-registerte bygningar, og det er kulturminne innanfor sona. Store delar av området er registrert som eit viktig regionalt friluftsområde. Den inste delen av Lygrespollen har stor landskapsverdi.

### **9 Halsnøy (Kvinnherad kommune)**

Dei vestlege delane av området er omfatta av forslag til marin verneplan (Ytre Hardangerfjord). I den austlege delen av området ligg det to sjøfuglreservat. I tillegg er det registrert fleire gyteområde og oppvekstområde for fisk innan området. Det er fleire svært viktige ålegrasenger på sørsida av Halsnøy, i tillegg til fleire registreringar av viktige og lokalt viktige naturtypar elles i området. Store delar av området er registrert som kulturminnerik strandsona, og delar av området har potensiale for marine kulturminne. Heile området er registrert som eit svært viktig regionalt friluftsområde, og det ligg fleire statleg sikra friluftsområde i sona. Store delar av området har landskap med stor verdi.

### **10 Romsaøyane (Vindafjord kommune)**

Søndre del av området ligg innanfor nasjonal laksefjord (Etnefjorden – Ølsfjorden) og eit gyteområde innanfor området. På austsida av Store Romsa ligg Noregs største naturreservat for kristtorn. Dette er med på å skape eit særprega landskap med unike kvalitetar. Området har verdiar knytt til nyare kulturminne; bygningsmiljø Haukelandstunet frå 1800-talet. Romsaøyane er alle registrert som statleg sikra friluftsområde og er registrert som regionalt viktige friluftsområde. Øygruppa har lune vikar som eignar seg godt til bading og båtutfart, og eit godt opparbeida stinett på landsida. Landskapet er registrert i viktige landskap i Rogaland som «vakre landskap».

### **11 Rosendal – Dimmelsvik (Kvinnherad kommune)**

Det ligg tre anadrome vassdrag og eitt gytefelt innanfor området. Heile området er registrert som kulturminnerik strandsona, og det er viktige kulturhistoriske verdiar knytt til Baroniet i Rosendal, som òg ligg innanfor omsynssona. Det ligg sjøbruksmiljø med verneverdiar knytt til enkeltobjekt og miljø (verdi B) innanfor området, og store delar av området på Rosendalsida er registrert som landskap med kulturhistorisk verdi. Deler av sjøområda kring Snilstveitøy er registrert som viktige friluftsområde (verdi B), og det ligg fleire statleg sikra friluftsområde innanfor sona. Landskapet har stor og dels særstort verdi.

### **12 Maurangerfjorden (Kvinnherad kommune)**

Innanfor omsynssona Maurangerfjorden er det fleire anadrome vassdrag og gytefelt. Deler av området er registrert som kulturminnerik strandsona. Det er registrert sjøbruksmiljø med verneverdiar knytt til enkeltobjekt og miljø (verdi B) i området. Når det gjeld friluftsliv er det eit regionalt viktig reiselivsanelegg ved sjø i Sunndal. Landskapet i området har høg verdi.

### **13 Strandebarm (Kvam herad)**

Det ligg to anadrome vassdrag og viktige (verdi B) og lokalt viktige (verdi C) naturtypar innanfor området. Det er registrert fleire kulturminne innanfor området, og eit statleg sikra friluftsområde innanfor sona. Landskapet har stor verdi.

### **14 Fykkesund - Kvamsøy - Norheimsund (Kvam herad)**

Store delar av Fykkesundet er registrert som gyteområde. I den sørvestlege delen av området ligg det to sjøfuglreservat. Det ligg tre anadrome vassdrag innanfor sona. Det er registrert fleire kulturminne og bygningsmiljø i området. Store delar av sona er definert som svært viktig (verdi A) eller viktig (verdi B) regionalt friluftsområde. Deler av Kvamsøy og Sandvenholmen samt delområde i strandsona ved Vallandsholmane og Vedanes er registrert som statleg sikra friluftsområde. Landskapet har stor verdi.

## **3.8 Konsekvensar av planframlegget**

### **Positive konsekvensar:**

- + Viktige naturverdiar er kartfesta og registrert i plankartet ved bruk av arealsoner og bandleggingsone
- + Interessekonfliktar er avklara med bakgrunn i dagens kunnskap
- + Arealsona landskapsområde (landskap, natur, friluftsliv og kulturminne) ivaretek område med regionale verdiar
- + Det vert ikkje tillate med større tekniske inngrep i urørte område innanfor arealsona landskapsområde

- + Arealsoner landskapsområde medverkar til å ivareta verdiar som gjer området attraktivt for turisme og reiseliv
- + Det vert oppmoda til at viktige kulturlandskap skal skjøttast gjennom bruk
- + Sikring av ressursgrunnlag for fiskeri gjennom å ta i vare gyte-, oppvekst- og beiteområde
- + Retningslinjer som ivaretek lokalt friluftsliv i samband med vurdering av akvakultur
- + Nye data for sjøbruksmiljø og kulturminnerik strandsone er nytta for å ivareta kulturmiljø i området
- + Omsyn til viktige og intakte reketrålfelt og låssettingsplassar verte teke i vare ved bruk av retningslinjer
- + Særleg viktige fiskerihamner skal prioriterast til fiskeriverksemd
- + Konesjonsområde for skjelsand bør sikrast i kommunale planar
- + Forsvarsinteresser bør i størst mogleg grad integrerast i kommunale arealplanar
- + Handlingsplanen synleggjer trong for oppdatert kunnskap kring:
  - Villfisk og naturgitte tilhøve
  - Trålfelt og låssettingsplassar
  - Fiskerihamnestructur

### Negative konsekvensar:

- Analysar og KU er basert på eksisterande kunnskap, og fangar ikkje opp tilhøve som ikkje er avdekkja
- Indirekte press på areal med viktig eller potensiale for biologisk mangfald, kulturminne eller friluftsliv
- Tekniske inngrep, som akvakultur, kan opplevast som ei forringing av landskaps-, kulturminne- eller friluftsverdiar
- Fleire område avsett til akvakultur kan potensielt:
  - Gi fleire anlegg på sikt og auka arealbeslag og oppdrettstrykket
  - Auka problem med redusert kvalitet på villfisk som beiter rundt oppdrettsanlegg
  - Legge beslag på registrerte fiskeplassar
  - Verke negativt på lokalt reiseliv
  - Produksjonsvekst som vil ha påverknad på villfisk
- Næringsområde i sjø kan medføre arealbeslag som ekskluderer fiske
- Forsvarsinteressene vil kunne legge visse avgrensingar på annan arealbruk i deler av kystsona

### Konklusjon:

Eksisterande kjent kunnskap er nytta gjennom bruk i analysar, samt føringar i plankart og retningslinjer. Dette har medverka til å ivareta:

- Kystlandskapet med verdifulle landskapsområde, mangfald av landskapstypar, verdifulle kulturminne og kulturmiljø.
- Trygging og forbetring av moglegheitene for allment friluftsliv.
- Balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar, og god sameksistens mellom dei ulike interessene i kystsona.
- Kunnskapsbasert planlegging og forvaltning, sikring av verdifulle naturområde, samt bruk av føre-var-prinsippet.

Det er fastsett arealsoner knytt til regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne, som vil sikre regionale verdiar for dei fire tema. Det er lagt føringar for tiltak og inngrep innanfor arealsoner landskapsområde noko som gir avgrensingar for ein del næringsverksemd i desse områda.

På eit overordna nivå er det lagt til rette for utvikling av lønsam og konkurransedyktig næringsliv i området, samstundes som verneinteresser er tillagt vekt. Planframlegget er vurdert til å ha positiv konsekvens ved bruk av plankart og retningslinjer.

Eventuelle tiltak kan få negativ påverknad lokalt. Arealbruk må vurderast i samband med kommuneplanar, og balanse mellom bruk og vern må takast i vare i kommunale planar. Negative konsekvensar er i hovudsak knytt til mangelfull kunnskap, og dette er adressert som tiltak i handlingsplanen.

Vedtak om etablering av nye akvakulturanlegg eller utviding av eksisterande skjer gjennom sektorlovverk, og vil såleis ikkje vera ein direkte konsekvens av planframlegget. Det vil truleg ikkje vera aktuelt med utviding av produksjon/kapasitet i planområdet før ein har fått kontroll på dei største miljøutfordringane i planområdet.




## 4 Akvakultur

Det er ein nasjonal ambisjon at Noreg skal ha vidare vekst i produksjonskapasitet og verdiskaping i akvakulturnæringa innanfor ramma av miljømessig berekraft. Det er eit overordna mål å ha ei akvakulturnæring som står for berekraftig og effektiv matproduksjon med ein effektiv og robust arealstruktur som optimaliserer produksjonen og som tar miljø- og sjukdomsomsyn. Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger gir opning for ei utviding av eksisterande område for akvakultur i planområdet. Det er kommunane som må gjera lokale tilpassingar og konsekvensutgreiingar knytt til desse områda, og vurdere akvakulturinteressene opp mot andre interesser.

Stortingsmelding nr 16 om vekst i norsk oppdrett av laks og regnbogaure kom i mars 2015. Hovudmålet med meldinga er å drøfta korleis Noreg kan auka verdiskapinga basert på føreseieleg berekraftig vekst og betre miljøtilpassing i oppdrettsnæringa. Meldinga føreslår eit system med handlingsregel basert på produksjonsområde og miljøindikatorar. Det er miljøindikatorane som skal styre om den samla produksjonen i eit produksjonsområde gir grunnlag for auke eller reduksjon av produksjonsmengda. Nærings- og fiskeridepartementet vedtok 16. januar 2017 forskrift om produksjonsområde for akvakultur av matfisk i sjø av laks, aure og regnbogaure (produksjonsområdeforskrifta). Dette er skildra som eit overordna, strategisk grep for framtidig forvaltning av akvakulturnæringa.

Planen har eit særskilt fokus på akvakultur. For akvakulturverksemda er det særleg miljøaspektet som må haldast opp mot det økonomiske når omgrepet berekraftig utvikling skal tolkast og brukast. Regjeringa sin strategi for ei miljømessig berekraftig havbruksnæring frå 2009, skildrar i føreordet ei berekraftig havbruksnæring som ei «næring som drives miljømessig forsvarlig og er tilpasset hensynet til havmiljø og biologisk mangfold». Berekraftomgrepet blir òg diskutert i arealutvalet sin rapport «Effektiv og berekraftig arealbruk i havbruksnæringen – areal til begjær» frå 2011. Berekraftig akvakulturverksemd må kjenneteiknast ved å skje innanfor rammer som er akseptable for miljøet og for samfunnet. Utgangspunktet må vera at verksemda ikkje medfører varige (irreversible) konsekvensar for miljøet. Reversible konsekvensar bør avgrensast, og eit område skal kunna framstå som upåverka etter ei tid med brakklegging. Spørsmålet blir kor grensa går mellom kva som er akseptabel påverknad og kva som ikkje er det. Desse tilhøva er ytterlegare handsama i eige vedlegg til planen: «Akvakulturanalyse for Sunnhordland og ytre Hardangerfjord - med fokus på laks og regnbogaure».

Avgjerda om eit konkret sjøareal kan nyttast til oppdrett (søknad om lokalitet) er styrt av to ulike offentlege avgjerdsprosessar. Den eine er kommunen sine planprosessar styrt av plan- og bygningslova. I tillegg må det søkjast løyve basert på ei rekkje lovar som akvakulturlova, matlova, forureiningslova og hamne- og farvasslova. For at ein lokalitet skal verta godkjent, skal det gis sjølvstendige løyve etter desse lovene. Fylkeskommunen har i dag ansvar for koordinering og tildeling av løyve og klarering av lokalitetar. Ei skjematisk framstilling av saksgangen er gitt i figur under.



Figur 9 Handsaming av ordinære akvakultursøknadar frå 2010. Kjelde; Nærings- og fiskeridepartementet

Det er viktig å skape ein balanse mellom langsiktig og føreseieleg arealplanlegging og samstundes fleksibilitet for næringa som stadig er i endring. Sentralt for arealplanlegginga er å gjennomføre interesseavklaringar mellom akvakultur og andre bruks- og verneinteresser, der dei ulike interessene må vektast og prioriterast opp mot kvarandre. At arealbruken er avklart gjennom plan, gjer klarering av oppdrettslokalitetar enklare for både mynde og næringa. Kommunar som legg tilhøva godt til rette for akvakultur innanfor dei rammene som denne planen gir, vil også kunne gi seg sjølv eit konkurransefortrinn i høve til arbeidsplassar og næringsetableringar. Den regionale planen har avklara interessekonfliktar med bakgrunn i dagens kunnskap og på eit overordna nivå.

## 4.1 Delmål akvakultur

Akvakulturnæringa skal vere framtidsretta og konkurransedyktig gjennom ei miljømessig berekraftig utvikling innanfor rammene av ei berekraftig utvikling.

## 4.2 Utviklingsmoglegheiter innan akvakulturnæringa

Akvakulturnæringa har i løpet av dei siste 40 åra gjennomgått ei rivande utvikling, og næringa har etablert seg som ei av våre viktigaste kystnæringar. Store deler av akvakulturproduksjonen i Hordaland ligg i Ytre Hardanger og Sunnhordland, og dette området har lange tradisjonar innan akvakultur. Dette har skapt ein unik og høgt kvalifisert kompetanse i regionen, både innan matfiskproduksjon, slaktning, vidareforedling, forskning, service- og tenesteytande næringar og så vidare. Det er estimert at eitt akvakulturanlegg på sjøen av gjennomsnittleg storleik bidreg til 42 årsverk i Noreg (primærledd og i leverandørindustrien lokalt og nasjonalt). Rapporten «Nasjonale ringvirkningar av havbruksnæringa» (Nofima 2014) konkluderer med at kvart årsverk i matfiskproduksjonen bidrog med ei gjennomsnittleg verdiskaping på 3,5 millionar kroner i 2013.

Veksten i verdas folketal fører med seg eit aukande globalt behov for mat og energi. Sjømat utgjer i dag under to prosent av den globale matproduksjonen. Verdas jordbruksareal er under stort press, og auka matproduksjon må difor skje mellom anna gjennom auka produksjon av sjømat. Noreg er ein stor havnasjon, som forvaltar havområde sju gonger så store som landareala, og det er gode naturgjevne føresetnader for å driva akvakultur i sjøområda. Dette gir rom for moglegheiter til å auka sjømatproduksjonen, så lenge dette skjer innanfor rammene av sosial, økonomisk og miljømessig berekraft.

Dagens merdteknologi med opne nøter vil vera rådande i mange år framover og lakseartane dominerande i akvakulturnæringa. Samstundes ser ein for seg at det også vil skje ei teknologisk utvikling mot lukka anlegg, semi-lukka anlegg, havgåande anlegg og landproduksjon. I tillegg til dette er tare dyrking noko som kjem meir og meir, samt at næringa og forskingsmiljøa ser på moglegheiter for å kombinere ulike artar for å skape positive synergieffektar (polykultur/integrert havbruk). Døme her kan vera oppdrett av laks/regnbogeaure i kombinasjon med tareskog og blåskjell. Nye produksjonsmåtar og artar vil kunne krevje anna type sjøareal enn dagens merdteknologi og områder som vert utnytta.

I planframlegget er det sett av nokre område i planen til akvakultur som ikkje ligg i tilknytning til eksisterande anlegg. Dette gjeld område heilt vest i planområdet, som ligg svært eksponert til for vêr og vind, og område som ligg skjerma til, i fjordområde med høvesvis dårleg vassutskifting. Store delar av kysten er i dag utilgjengeleg for oppdrett på grunn av at områda er eksponert for tøffe vind-, bølge- og straumforhold, og desse områda kan truleg ikkje nyttast til anlegg med tradisjonell merdteknologi. Moglege føremøner med å ta i bruk meir eksponerte lokalitetar kan vera redusert lusepåsling, auka vassgjennomstrøyming i merdane, mindre miljøpåverknad frå anlegga og betre produksjon/høgare kapasitet per anlegg. Truleg ligg bruken av slike lokalitetar noko fram i tid. Anlegga må vera dimensjonert for å unngå havari i hardt vêr, og for å gi tilfredsstillande yting, vasskvalitet, fiskehelse og –velferd på tross av store biomassar i kvar eining. Planframlegget opnar likevel for denne moglegheita, ved å setja av høvesvis store areal der slike anlegg potensielt kan etablerast.

Område som ligg skjerma til kan vera tilgjengelege for bruk av lukka teknologi. Dei mest sentrale argumenta til fordel for lukka anlegg er å hindra røming av fisk, hindra spreining av lakselus og sjukdomar, så fram ein har tilfredsstillande vasshandsaming. Oppsamling av organisk materiale for å hindra spreining av dette i sjøen, og potensiell kostnadsgevinst gjennom betre utnytting av MTB-kapasitet, betre førutnytting og redusert svinn

er andre argument. Det å nytta lukka anlegg i område som er mindre eigna til konvensjonell drift med opne merdar og naturleg gjennomstrøyming kan medføra ein betre utnytting av kapasiteten i planområdet. Til no har det ikkje vore mange søknadar om havbeite i planområdet, og fiskerimynde har berre opna for havbeite av artane kamskjel og hummar. Havbeite kan vera problematisk i høve til prinsippa i allemannsretten. Dette er særleg aktuelt for artar som er underlagt kommersielt fiske. Gjeldande praksis er at det ikkje bør gjevast løyve til havbeite dersom det inneber fare for at verksemda skadar det biologiske mangfaldet og skapar økologisk ubalanse, spreiding av sjukdommar og parasitter, eller spreier ein art som ikkje er i området frå før av.

Utvikling av teknologi og nye artar i oppdrettsnæringa er ivareteke gjennom retningsline som definerer det lokale handlingsrommet til kommunane, ref retningsline 2.16. Samstundes er det ikkje differensiert i plankartet kva for type akvakultur som kan etablerast, verken når det gjeld artar eller teknologibruk. Det kan til dømes vera høve til å etablere lukka anlegg innanfor område som i dag vert brukt til tradisjonell teknologi.

Akvakulturanalysen konkluderer med at det ikkje er grunnlag for å gjere vesentlege endringar i dagens lokalitetsstruktur. Utviklinga i akvakulturnæringa går i retning av færre og større lokalitetar, noko som også akvakulturanalysen peiker på er ønskjeleg. Det er generelt ønskjeleg at ein aukar produksjonsvolum på gode lokalitetar mot at ein legg ned dårlegare lokalitetar. Dette vil kunne gi positiv effekt på lusesituasjonen og betre kontroll på sjukdom og smitte. Betre koordinering med omsyn til avlusing og brakklegging (soneinndeling) vil også gi god effekt.

Sjølve prosessen kring søknad om biomasse utviding og etablering av nye lokalitetar vert avklart gjennom eigne prosessar. Gjennom desse prosessane vil areal- og interessekonfliktar verta vurdert, og kvar enkelt søknad vil vera gjenstand for ei grundig vurdering. Regionalplankartet gir ei utviklingsretning for kommunal planlegging av akvakultur som gir rom for ein vekst i akvakulturnæringa når det eventuelt vil vera aktuelt. I mange kommuneplanar er føremåla som er avsett til akvakultur små. Dette gir fleire utfordringar og avgrensingar for utvikling av akvakulturnæringa, mellom anna når ein skal søkje om nye lokalitetar eller flytte eller utvida eksisterande lokalitetar. Ei anna utfordring er å fjerne areal til akvakultur når lokalitetar vert flytta. Kystsonenplanen gir føringar/retningsliner og kunnskap som kan nyttast i kommuneplanarbeidet.

Slik situasjonen er i dag når det gjeld påverknad frå akvakultur på vill laksefisk, vil det vera lite aktuelt å utvida produksjonskapasiteten i planområdet. Dersom næringa løyser utfordringane knytt til lusesituasjonen (miljøindikator), vil det vera mogleg å auke produksjonen gjennom tilgang på meir areal, utviding av eksisterande lokalitetar, samt endring i produksjonsmetode (postsmolt). Nasjonale målsetnadar om berekraftig utvikling må ligge som premis for vurderingane som arealmessig legg til rette for produksjonsauke. Under desse føresetnadene kan regionen ta del i den nasjonale veksten som er ønskjeleg for næringa.

### 4.3 Akvakulturanalyse for laks og regnbogeaure

Planframlegget skal sikre gode rammevilkår for akvakulturnæringa som ei stor og viktig næring i regionen, samstundes som ein må ha ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone. Oppdrettsnæringa er svært viktig for denne regionen og det er difor utarbeidd ein eigen akvakulturanalyse for laks og regnbogeaure som grunnlag for planen.

For å kunne utforme ein framtidig strategi for akvakulturnæringa i planområdet, er det viktig at denne vert bygd på mest mogleg innsikt og informasjon på kva som særmerker næringa i dag. På kva måte kan sterke sider utviklast vidare og på kva måte kan svake sider eller næringa sine utfordringar møtast og kanskje eliminert i framtida. Det er også avgjerande i ein framtidig konkurransesituasjon at næringa kan tilpasse seg omgjevnadane og endringar i desse. Dette analysearbeidet er gjort i ein såkalla SWOT-analysemodell.

Tabell 1. SWOT-analyse. Kjelde: Akvakulturanalyse

	<b>Sterke sider</b>	<b>Svake sider</b>
<b>Intern analyse</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kompetanse og erfaring</li> <li>• Naturgitte føresetnader/topografi</li> <li>• Infrastruktur/vegnett</li> <li>• Sjøtemperatur/straumtilhøve</li> <li>• Koordinering/ samarbeid lusesoner</li> <li>• Nærleik til marknaden</li> <li>• Godt utvikla service- og tenesteyting</li> <li>• Strukturendringar/eigarstruktur</li> <li>• Sterk næringsklynge</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lusesituasjonen</li> <li>• Sjukdomsbiletet</li> <li>• Rømming/genetisk påverknad</li> <li>• Forureining og utslepp</li> <li>• Arealbruk/tilgang/interessekonfliktar</li> <li>• Fragmentert eigarstruktur</li> <li>• Sjøtemperatur/straumtilhøve</li> </ul>
	<b>Moglegheiter</b>	<b>Truslar</b>
<b>Ekstern analyse</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Aukande folketal – sunn mat - helse</li> <li>• Dyrking av havet (blå matproduksjon)</li> <li>• Moglegheiter for nye artar</li> <li>• Moglegheiter for polykulturar</li> <li>• Energieffektiv og klimavenleg matproduksjon</li> <li>• Politiske føringar og rammevilkår</li> <li>• Positive kommunar i planområdet</li> <li>• Arealeffektiv matproduksjon</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilgang på fôrressursar, fiskeolje og fiskemjøl</li> <li>• Arealbruk</li> <li>• Nye sjukdommar («emerging diseases»)</li> <li>• Omdømme/ haldningar</li> <li>• Klimaendringar</li> <li>• Resistensutvikling</li> <li>• Sanksjonar</li> </ul>

Akvakulturanalysen konkluderer med at utslepp av organisk materiale og nærings salt frå oppdrett i liten grad påverkar miljøet i kystsona. Det er likevel viktig å ha ei jamleg og god overvaking, både rundt enkeltlokalitetane og av fjordsystema der det høg tettleik og produksjon ikkje minst når det gjeld verknadar av bruk av kjemikaliar (impregnering av nøter, avlusing osv.). Dette vil vera særleg viktig om produksjonen i området skal aukast. Det vil vera viktig å ha eit kontinuerleg fokus på utvikling av teknologi og optimalisering av drift for å redusera påverknad frå utsleppa, og såleis påverknaden på miljøet. Det er per i dag ikkje krav om overvaking av områda kring akvakulturanlegg for medisinrestar eller andre framandstoff. Det finst difor ikkje data på dette, og omfanget er ukjent. Det bør fokuserast på auka kunnskap om utslepp av legemidlar og framandstoff, og kva for effektar desse kan ha på miljøet kring anlegga. Vurderingar kring miljøpåverknad frå oppdrett vert regulert og handtert av sektormynde, og eventuelle løyve til utviding av kapasitet eller etablering av nye lokalitetar vert vurdert gjennom eigne prosessar.

Akvakulturanalysen gir også ei oversikt over dei vanlegaste sjukdomane som råkar oppdrettslaks og - regnbogeaure i planområdet. Det er påvist at dagens oppdrettsaktivitet i planområdet har uheldig påverknad på vill laksefisk. Dette er i hovudsak knytt til situasjonen rundt lakselus, samt rømming frå oppdrettsanlegg. Det er påvist at lakselus påverkar overlevinga til villfisk, og at auke i mengde lakselus kan knytast til oppdrett. Mengda av lakselus i oppdrettsanlegga er også eit fiskevelferdsproblem og kan ha store økonomiske konsekvensar. Det er såleis eit felles mål både for næringa og mynde/forvaltning å finne løysingar på lusesituasjonen. Fokuset på lakselus og innsatsen for å få kontroll på problemet, gjer håp om løysingar i framtida. Førrebeleg er problemet ikkje løyst, og difor har temaet fått brei omtale i akvakulturanalysen.

### **Arealbruk/behov på land**

I dag er det i hovudsak settefiskanlegg og slakteri/vidareforedling som skjer på land. For å få betre kontroll på utfordringane i sjø er det eit ønskje om å ha fisken ei lengre tid på land før ein sett den ut i sjø, dvs. ein postsmolt produksjon opptil 1 kg fisk på land. Lengre fram i tid kan det òg vera aktuelt å flytta matfiskproduksjonen til lukka anlegg på land.


Det er ikkje sett av nye areal for akvakultur på land i planframlegget. Dette er prosessar som må skje gjennom kommunal planlegging. Akvakulturanalysen peiker på sentrale kriterier for kva for særeigne tilhøve som bør vera til stades for at arealet skal vera aktuelt for dei ulike produksjonsformane på land. For alle produksjonsformane må arealsituasjonen avklarast enten gjennom kommuneplan eller reguleringsplan.

## 4.4 Frå arealanalyse til plankart

Planen gir overordna føringar og legg opp til balanse mellom bruk og vern. Dette inneber at næringa får høve til auke og endringar i nokre område, medan det vert lagt meir avgrensingar på andre område. Planarbeidet har sett på moglegheita for utviding av eksisterande lokalitetar, samt søkt å finne område som kan romme nye og/eller større lokalitetar. Analyse av utviklingspotensiale i denne næringa er gjennomført som ei interesseavklaring mellom akvakultur og andre bruks- og verneinteresser, der det er søkt å prioritera og vekta dei ulike interessene opp mot kvarandre. Det er nytta ein metodisk tilnærming, arealanalyse, for å balansere og prioritere mellom akvakultur og andre sektorinteresser (bruk og vern). Metoden er utvikla som ein del av planarbeidet. Det er berre dei arealmessige konsekvensane av planen som er vurdert. Resultata frå arealanalysen er nytta til å avsette arealsoner med eller utan akvakultur i plankartet. I arealanalysen er dei ulike interessene i planområdet vurdert med omsyn til om dei kan kombinerast med akvakultur (grøne område), om dei ikkje kan kombinerast med akvakultur (raude område), eller om dette er ei vurderingssak (gule område). Arealanalysen tek utgangspunkt i kjente registreringar med verdisetting og eksisterande akvakultur lokalitetar. Det er gjennomført ei individuell vurdering av kvar enkelt eksisterande lokalitet og kommuneplanavklart areal til akvakultur i høve til potensiale for utviding av areal, samt kor godt eigna området er med omsyn til eksisterande og omkringliggande arealbruk. I vurderingane er det også teke omsyn til ønske om større og samanhengande areal til akvakultur, der det er arealmessig gunstig enten å fortette med fleire anlegg eller auke biomasse på eksisterande anlegg. Større areal som opnar for akvakultur vil også gi fleksibilitet i høve til endring eller justering av eksisterande lokalitet. Metoden er skildra i eige kapittel.

Alle eksisterande godkjente lokalitetar for laks/regnbogeaure, marin fisk og skaldyr er fastsett med arealsoner som inkluderer akvakultur. Mange av desse områda er allereie sett av til akvakultur, reint føremål eller kombinert, i kommuneplanane. Kommuneplanavklarte areal er inkludert i plankartet.

Basert på interesseavklaringane skildra i eige kapittel er det opna for utviding i område med høvesvis lågt konfliktpotensiale mellom akvakultur og andre interesser. Ei eventuell utviding av arealsoner for akvakultur må handterast gjennom ei prioritering av interesser i kommuneplanprosessane i dei enkelte kommunane. Alle arealendringar må konsekvensutgreiast på kommunalt nivå sjølv om arealet er synt med arealsoner som inkluderer akvakultur i kystsonenplanen



Figur 10. Temakart, akvakultur i plankartet.

Det er fastsett arealsoner til akvakultur (reine arealsoner akvakultur ) på om lag 95 km<sup>2</sup>, og kombinerte soner inkludert akvakultur på om lag 414 km<sup>2</sup> i plankartet. Til samanlikning utgjer sjøområda i planområdet om lag 2340 km<sup>2</sup>.

Arealanalysen tek ikkje omsyn til naturgitte tilhøve som t.d. straum. Det er ikkje differensiert i plankartet mellom ulike artar og ulike former for akvakultur. Ulike artar og driftsformer vil ha ulike behov når det gjeld miljøparametrar som straum- og oksygentilhøve, djupn, eksponeringsgrad etc. Det er difor heller ikkje eintydig kva som vil vera vurdert som ein god akvakulturlokalitet. Miljøtilhøva på dei enkelte aktuelle lokalitetane må sjekkast ved hjelp av straummålingar og MOM B/C-undersøkingar, slik det vert gjort i dag gjennom prosessen med akvakultursøknad.

## 4.5 Omsyn i arealplanlegging for akvakultur

Plan- og bygningslova gir høve til å avsette føremål til akvakultur gjennom kombinasjonsbruk eller *einbruk*. Det er i tillegg høve til planlegging av vassflate, vassøyle og botn, samt kva artsgruppe eller eventuelt ein kombinasjon av artar som kan etablerast. Det må i kvart enkelt tilhøve vurderast behov for å spesifisere t.d. artar eller vertikalnivå, jf. retningsline 3.3.5. Desse verkemidla bør utøvast med varsemd dersom det ikkje er særlege tilhøve som gjer det naudsynt. Behov for planlegging i vertikalnivå kan vera aktuelt i område med fleire arealinteresser og difor behov for arealavklaring mellom desse.

Akvakulturnæringa krev areal knytt til sjøoverflata, vassøyla og sjøbotn for anlegg og fortøyingar. Det vert jobba med rettleiar for kystsoneplanlegging frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet som mellom anna vil tydeleggjere moglegheitene for planlegging i sjø for akvakultur. Areal der det allereie er gitt akvakulturløyve på permanent basis, bør avsetjast i plankart til «*einbruk akvakultur*», jf. Retningsline 3.3.2. I dette arealet må minimum ferdsels- og fiskeforbodssona kring anlegg inkluderast (20/100 meter frå anlegget på sjøoverflata). I tillegg må fortøyingar inkluderast i areal som opnar for akvakultur. Fortøyingar kan synleggjerast på fleire ulike måtar gjennom bruk av «*einbruk akvakultur*» eller kombinasjonsbruk der akvakultur er inkludert eller eventuelt som omsynssone/faresone. Det er ei viss usikkerheit knytt til den faktiske utstrekninga av dei eksisterande fortøyingane. Nokre fortøyingar er registrert hos sjøkartverket, men for ein del anlegg eksisterer det ikkje data på arealbeslaget til eksisterande fortøyingar. For desse anlegga er det i planen nytta ein standard formel (2,5 x djupna på lokaliteten) for å estimera det beslaglagde arealet. Den faktiske utstrekninga til fortøyingane bør kartfestast som del av kommuneplanarbeida, og dei avsette arealsonene bør justerast med omsyn til dette.

I dag er teknologien knytt til matfiskanlegg i sjø basert på flytande merdar med nøter. Teknologien i næringa utviklar seg stadig i retning av større og færre anlegg. I arealplanlegginga bør det difor vurderast behov for fleksibilitet, framtidig behov og justering av eksisterande anlegg. For å redusere behov for dispensasjon, bør sjøområda for akvakultur difor vera av ein viss storleik, jf. retningsline 3.3.2.

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger sine føringar for akvakultur skal utdypast vidare i kommunale planar. Kommunane bør gjennom sine kommuneplanprosessar vurdere å differensiere ytterlegare innanfor areala avsett til akvakultur i plankartet, og eventuelt setja av deler av desse områda til reine akvakulturføremål der det er hensiktsmessig jf. retningsline 2.16. Planen tek ikkje stilling til detaljerte spørsmål, og det er naudsynt å avklare desse med bakgrunn i lokal kunnskap og prioriteringar. Mellom anna må avveging knytt til lokalisering av anlegg i nærleik av større bustad- eller fritidsbustadområde gjennomførast som del av kommunal planlegging, jf. retningsline 3.3.3.

Det er mange vassdrag med oppgang av laks eller sjøaure i planområdet. Lakseførande vassdrag knytt seg i hovudsak til større elvar, medan for sjøaure har lokale bekkar like stor tyding som større vassdrag. Vassdraga har ulik verdi med omsyn til utøving av fiske, friluftsliv og opplevingar. Dette er moment som må vurderast i samband med lokalisering av nye oppdrettsanlegg. I tillegg til lokale vurderingar, er det sett rettleiande avstand mellom viktige anadrome vassdrag og oppdrettsanlegg på 2,5 km. Denne avstanden er sett med omsyn til risiko for smitte mellom villfisk og oppdrettsfisk. Driftsmessige tilhøve, som smittefare, vert teke i vare gjennom konsesjonssøknadar og av Mattilsynet.

Det er i dag ikkje kartlagt vandringsrutene til dei anadrome artane, men ein veit at fisken i hovudsak tek kortaste veg og i hovudstraumane i fjordsystema. Potensielt vil eit akvakulturanlegg i hovudstraumane i ytre del av planområdet ha større verknad for anadrom fisk enn eit anlegg i indre del av Hardangerfjorden. For det eine vil ein stor del av den anadrome fisken frå fjordsystemet passere anlegga i ytre del og for det andre vil det vandre fisk forbi området i eit lengre tidsrom pga. ulikt utvandringstidspunkt frå dei ulike vassdraga. Gjennomføring av avbøtande tiltak for å redusere smittepresset (lakselus) er såleis utfordrande.

Det finst relativt god kunnskap om korleis livet i fjordane vert påverka av utslipp frå akvakulturanlegg. Straumtilhøva er ulike inne i fjordane og ute på kysten, og generelt er fjordlokalitetar meir utsett for overbelastning. I følgje Havforskningsinstituttet (HI) vil som oftast den største påverknaden på fjordlokalitetar vera rett under og i umiddelbar nærleik til akvakulturanlegget (500-1000m). Ein manglar likevel generell kunnskap om kor stor oppdrettsverksemd fjordane toler før det gir seg utslag i dårleg miljøkvalitet i botnfauna og oksygentilhøve. HI har publisert ein rapport om effektar av utslipp frå akvakultur på særskilte marine naturtypar, raudlistehabitat og artar (rapport nr. 8 2016). Rapporten er ein kunnskapsstatus knytt til tematikken, og peikar mellom anna på område der det krevjast meir kunnskapssamling og forskning. Rapporten syner til feltstudiar og kunnskap som syner følgjande konkrete avstandsverknadar:

- Ålegraseng og dvergålegrasenger: Basert på kunnskap om spreiding av næringsfluksar rundt anlegg kan ein få ein negativ verknad på naturtypen om anlegget ligg nærare enn 1000-1500 meter.
- Område med blautbotn i strandsona: Basert på kunnskap om spreiding av næringsfluksar rundt anlegg kan ein få ein negativ verknad på naturtypen om anlegget ligg nærare enn 1000-1500 meter.
- Korallen Øyekorall (*Lophelia pertusa*): Det er ein betydeleg risiko for negativ effekt på korallar som veks nærare enn 250 meter frå akvakulturanlegg. Dette er knytt til negativ påverknad av sedimentering, i tillegg kjem eventuell påverknad frå fortøyingane.
- Større tareskogförekomster: Både sukkertare og stortare etablerer seg raskt igjen dersom dei vert utsett for negative miljøpåverknadar.

Planen er ein overordna plan som gir retningsgivande føringar for kommunal planlegging, og dersom det er tilhøve som skal leggjast stor vekt på lokalt må dette fremjast som ein del av arealplanlegginga på kommunenivå. Dei samfunnsmessige konsekvensane må avklarast på kommunalt nivå.

## 4.6 Akvakultur i plankartet

Grunnlaget for fastsette arealsoner til akvakultur i plankartet er eksisterande akvakulturlokalitetar med dagens utforming og fortøyingar, samt areal avsett til akvakultur i gjeldande kommuneplanar.

Område med eksisterande godkjente lokalitetar for akvakulturverksemd er avsett til arealsone akvakultur. I ein del område er det i tillegg sett av ytterlegare areal kring anlegget, dette er avsett som kombinert arealsone som inkluderer akvakultur. Kommuneplanavklarte areal til akvakultur er avsett som kombinert arealsone som inkluderer akvakultur.


I tillegg til områda som vert utvida kring allereie eksisterande anlegg vert det lagt ut kombinerte arealsoner som inkluderer akvakultur i nokre område der det per i dag ikkje ligg eksisterande anlegg. Desse områda er i utgangspunktet tenkt brukt til anlegg som ynskjer å ta i bruk ny teknologi, havgåande for dei ytre, eksponerte områda, og lukka anlegg for dei meir beskytta indre områda.

Alle eksisterande akvakulturlokalitetar og kommuneplanavklarte areal til akvakultur er vurdert med omsyn til moglegheit for utviding eller endring. Utviding eller endring omfattar sjølve anlegget på sjøflata, men også fortøyingane. Vurderingane er knytt til arealinteresser, og tek ikkje omsyn til driftsmessige/forvaltningsmessige tilhøve som t.d. avstand mellom anlegg. Utvidinga/endringa kan omfatte heilt nye anlegg, utviding av eksisterande anlegg med auka MTB, eller flytting av eksisterande anlegg. Alle desse endringane krev nytt og avklart areal utover dagens lokalitet.

Det er fastsett arealsoner til akvakultur (reine arealsoner akvakultur) på om lag 95 km<sup>2</sup>, og kombinerte soner inkludert akvakultur på om lag 414 km<sup>2</sup> i plankartet. Til samanlikning utgjer sjøområda i planområdet om lag 2340 km<sup>2</sup>.

I plankartet er akvakultur avsett til følgjande arealsoner:

- Arealsoner akvakultur, eksisterande anlegg.
- Arealsoner sjø og vassdrag generelt: kombinert føremål med akvakultur.



## 4.7 Konsekvensar av planframlegget

### Positive konsekvensar:

- + Det er sett av nye, større område til akvakultur
- + Det er sett av område til akvakultur for bruk av ny teknologi (lukka og eksponert)
- + Det er sett av areal til utviding av eksisterande anlegg
- + Akvakulturanalysen gir kriterier for avklaring av aktuelle lokalitetar på land
- + Areala i plankartet som opnar for akvakultur er ikkje avsett til spesifikke oppdrettsselskap
- + Planen gir opning for lokale tilpassingar, avklaringar og prioriteringar av areala som ligg i regionalplanen på kommuneplannivå

### Negative konsekvensar:

- Det er lagt føringar for tilpassa og avgrensa utviding av lokalitetar innanfor arealsone landskap, natur, friluftsliv og kulturminne, samt andre konfliktområde jf. arealanalyse
- Arealanalysen tek utgangspunkt i dagens lokalitetsstruktur. Denne tilnærminga opprettheld eksisterande struktur i næringa, og kan slik ha negative konsekvensar dersom denne strukturen ikkje er den mest høveleg på sikt.
- Arealanalysen tek ikkje omsyn til naturgitte tilhøve som t.d. straum. Nærare analysar kan resultere i at delområde avsett i planen ikkje er aktuelle/eigna for nye anlegg eller utvida produksjon.
  - Nye areal i utløpet av Hardangerfjorden som kan ha negativ verknad på anadrom villfisk og vandringsruter. Vidare konsekvensutgreiing knytt til nye areal i viktige vandringsruter må gjerast i samband med kommunal planlegging.

### Konklusjon:

Planframlegget har både positive og negative konsekvensar for akvakultur. I nokre område vert det lagt til rette for nye akvakulturområde og utviding av eksisterande, samstundes som det vert sett avgrensingar i andre område. Planframlegget gir totalt sett rom for vekst og kapasitetsauke i næringa når det eventuelt vert aktuelt å auka kapasiteten, og gir rom for bruk av ny teknologi og nye artar.

Planen gir opning for lokale tilpassingar, avklaringar og prioriteringar av areala som ligg i regionalplanen på kommuneplannivå. Dette omfattar både storleik på areal, lokalisering og val av type arealføremål. Det har ikkje vore eit mål om å regulere produksjonen eller driftsmessige tilhøve i havbruksnæringa gjennom planen, samstundes som det er klart at arealtilgang er eit viktig moment i utviklinga. Sjølv om det er sett av areal i kystzoneplanen til akvakulturføremål, så er det anna lovverk som regulerer kor vidt området kan nyttast i oppdrettssamanheng og eventuelt kor stor produksjon som kan leggjast til dei ulike områda. Konsekvensar knytt til auka produksjon i planområdet er ikkje teke inn i denne planen.

Tilhøve kring produksjonsmengd og –kapasitet vert regulert gjennom anna lovverk enn plan- og bygningslova. Sjølv om det gjennom dette planframlegget vert lagt til rette for ein del nye område til akvakultur, samt for ei utviding av ein del eksisterande lokalitetar, vil ikkje dette automatisk medføra ein auke verken i arealbeslag eller produksjon av laks og regnbogeaure i planområdet. Planframlegget i seg sjølv har såleis ingen direkte konsekvensar som er relatert til eventuell miljøbelastning frå oppdrettsanlegg.

I praksis vil det ikkje vera tilgang på areal som i dei næraste åra set grenser for produksjonsvekst i planområdet. Dersom næringa løyser utfordringane knytt til lusesituasjonen (miljøindikator), vil det vera mogleg å auka produksjonen gjennom tilgang på meir areal, utviding av eksisterande lokalitetar, samt endring i produksjonsmetode (postsmolt). Under desse føresetnadene kan regionen ta del i den nasjonale veksten som er ønskeleg for næringa.

Planframlegget er totalt sett vurdert å ha positive konsekvensar for akvakultur. Planframlegget ivaretek målformuleringa om at akvakulturnæringa skal vere framtidsretta og konkurransedyktig gjennom at næringa blir gitt rom for utviding, og det vert tilrettelagt for ny teknologi.



## 5 Sjøtransport og maritim næring

Trygg ferdsel og tilgang på næringsområde til sjø er sentralt for den maritime næringa. Den maritime næringa har hatt ei særskilt rolle i det norske samfunnet, og den lange skipsfartshistoria har medverka til at Noreg i dag er ein av verdas leiande maritime nasjonar. Den maritime næringa står sterkt i planområdet mellom anna innan skipsdesign, bygging/vedlikehald av rigg- og offshoreinstallasjonar, skipsverft, utstyrs- og tenesteleverandørar. Synergieffekten innan næringa er høg, og det er ei god breidde i tenester, produkt og ekspertise i planområdet.

Regjeringa har vedteke at det skal utarbeidast ein strategi om heilskapleg politikk for vekst og verdiskaping i maritim næring, og denne skal leggjast fram våren 2015. Sentrale tema i strategien er blå vekst, internasjonale rammevilkår, kompetanse og utdanning, forskning, utvikling og innovasjon, miljø, sjøfartsadministrasjon og forenkling av regelverk, Fartsområdeutvalet og nordområda.

Det er viktig at næringsområde som ligg til sjø vert prioritert for sjøretta næringar. Trygge, effektive og godt tilgjengelege farleier er avgjerande for kor godt eigna og attraktiv næringsområda på land er. Det er viktig at arealplanlegginga sikrar farleiene og målpunkt på land. Målpunkt for skipstrafikk er hamnebasseng og næringsområde på land, og desse overgangane må sjåast i samanheng og i eit større perspektiv for å sikre god tilkomst og tilgang. Som ein del av dette bør hamnebasseng halddast fri for installasjonar som er til hinder for manøvrering, til dømes kablar, ledningar og reiskap.



Figur 11 Sjøtransport. Foto Svein Andersland

Planområdet har ei rekkje hamner med ulike hamnefunksjonar. Dette inkluderer fiskerihamner (både statlege og private), industrikaier (både offentlege og private), kaiar til bruk for akvakulturnæringa, kommunekaiar, gjestehamner og småbåthamner. Dei viktigaste fiskerihamnene ligg ytst ved kysten, mens industrikaier og akvakulturanlegg er representert i heile regionen.

Hamner/kaiar har ein viktig funksjon som infrastruktur for næringslivet. I tillegg kan fleire av lokalitetane vera utgangspunkt for andre interessegrupper, som til dømes gjestehamn, og maritime opplevingar. Mange hamner har ei blanding av desse funksjonane innanfor eit avgrensa område. Ei slik funksjonsblanding kan vera ei utfordring i forvaltninga, men kan òg vera ein styrke for hamna sin posisjon i regional samanheng.

### 5.1 Delmål sjøtransport og maritim næring

Maritim sektor skal ha gode vilkår for utvikling gjennom trygge farleier og hamneområde. Regionalt viktige næringsområde til sjø må planleggjast i eit langsiktig perspektiv og sikrast framtidige utviklings-moglegheiter.

### 5.2 Sjøtransport

Nasjonal transportplan omhandlar transport til sjøs, på veg, på jernbane og i lufta, og ser desse transportformene i samanheng. Det overordna målet er å tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg trans-

portsystem som dekker samfunnet sitt behov for transport og regional utvikling. Hovedmåla er framkomst, trafikktryggleik, miljø og universell utforming.


Sjøen er ein viktig transportveg for næringslivet, og sjøområda er sentrale for til dømes offshore og skipsindustrien. Det er ei målsetnad om å flytte meir transport av varer frå veg til sjø, og prognosar syner at den totale godstransporten vil auke med 75 % innan 2020.

### Farlei

Farleiene er transportårene for sjøtransporten langs kysten og for inn- og utsegling til havområda utanfor kysten. Leiene er som oftast bestemt av naturgjevne tilhøve som øyar, holmar, skjer, grunnar og liknande. Desse tilhøva avgrensar leia både i djupne og breidde og med omsyn til retningsendringar. Ulike typar fartøy eller installasjonar har varierende manøvreringsmoglegheit, og ut frå dette ulikt krav til djupne, breidde og areal. Farleisnormalen er sentral for å ivareta desse omsyna. Det er viktig at det på alle plannivå er ei medviten haldning til dei rammevilkåra som må vera til stades for å oppnå ein effektiv sjøverts ferdsel. AIS (Automatisk IdentifikasjonsSystem) for skipstrafikk er eit nyttig verktøy i samband med arealplanlegging.

Staten ved Kystverket har ansvar og myndigheit for alle hovudleier og bileier uansett kor desse går. I normaltilhøve stoppar hovudlei og bilei ved inngangen til hamneområdet.

Det er med andre ord kommune eller hamnemyndigheit som har fullt ansvar og myndigheit i hamneområdet. Dette gjeld for alle hamnene i planområdet. Når det gjeld andre farleikategoriar enn hovudlei og bilei, er det kommune eller hamnemyndigheit som har ansvaret for desse. Dette ansvaret inneber ikkje at kommune eller hamnemyndigheit har plikt til å etablere eller vedlikehalda farleier i sine sjøområde. Plikta er i utgangspunktet avgrensa til å sørgja for at farleiene er farbare, samt å regulera bruken av dei.



Figur 12 Maritime næringsområde og farlei.

Farleier, AIS-plott og Farledsnormalen er nytta i samband med analyse av arealdisponering til akvakultur. Sjøtransport er i denne analysen nytta direkte for å avklare viktige og sentrale farleier og område med særskilt viktig ferdsel

Farleier er ivaretekne og synleggjort i plankartet, og nytta som eit av kriteria i analyse av arealdisponering til akvakultur opp mot bruks- og verneinteresser. Dette er også definert eigne retningslinjer for å ivareta tilhøva, 2.17 og 2.19.

## Nødhamner

Det er betydeleg meir skipstrafikk i Nordsjøen enn i Norskehavet og Barentshavet, og det er forventat at denne trafikken vil vera aukande framover. Det er blant anna forventat aukande trafikk av gasstankarar, stykkgodsskip, Ro Ro lasteskip, containerskip, kjemikalie-/produkttankarar og bulkskip. Transport av farlege stoff som olje og flytande gass medfører fare for alvorlege forureiningar som følgje av skipsforlis, kollisjon eller havari. Det er kartlagd eigna nødhamner langs kysten med tanke på situasjonar der fartøy må søkja nødhamn eller setjast kontrollert på grunn for å redusera forureiningsomfanget. Viktige kriterier for ei god nødhamn vil blant anna vera god innsegling for ulike typar fartøy, høve til å «stenga av» eit område rundt nødhamna for å avgrensa akutt forureining og moglegheit for strandsetjing (kontrollert nedsenking). Eksponeringsgrad for vind og sjø, botntilhøve, tidevatn/tidevasstraumar, navigasjonsmessige omsyn, manøvreringsrom, kommunikasjonstilhøve, hamnefasilitetar, tilgjenge på oljelenser og oljevernustyr samt infrastruktur på land er andre viktige kriterier. I planområdet er det definert 10 nødhamner.

## 5.3 Maritime næringsområde

Det er ei rekke hamner med ulike funksjonar i planområdet. Desse omfattar til dømes industrikarar/-hamner, fiskerihamner og ISPS-hamner. Kommunar med attraktive næringsområde med tilgang til sjø har ei konkurranseføremon for maritim næringsutvikling. Næringsområde med tilgang til hamn/kai skapar ofte ei klyngedanning av verksemder innan same bransje. Dette skapar synergieffektar som kan føre til reduserte kostnader og betre utnytting av ressursane. Det er viktig å sikra dei gode hamneområda, med omsyn til god tilkomst både frå sjøside og landsida. For store verksemder betyr det kort avstand til europaveg/riksveg/fylkesveg på land, og kort avstand til hovudlei/bilei på sjøen.

Nødhamner, ISPS-hamner og dei mest sentrale fiskerihamnene er synleggjort i plankartet.

Ved planlegging av nye eller utviding av eksisterande næringsområde, må behov for næringsutvikling og arbeidsplassar tilleggas vekt. Samstundes skal dette vektast opp mot omsyn til allmenne interesser. For eksisterande næringsområde innanfor regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne, må særleg omsyn til dei allmenne interessene vektleggast.

I dag har mellom anna akvakulturnæringa, maritim næring, reiselivsnæringa og fiskerinæringa behov for tilgang til sjø. Det er viktig at dei gode næringsareala til sjø vert nytta av verksemder som har eit reelt behov for å vera lokalisert ved sjøen. Dette er forankra i retningsline 2.21. Det reelle behovet kan mellom anna vera knytt til trong for kai og transport på sjø av til dømes varar, fisk eller fartøy/installasjonar. Verksemda bør både vera retta mot og ha trong for sjøtilkomst, og såleis ha ein avhengigheit til sjøen.

Dei siste tiåra er fleire ferjekaiar nedlagte, mens mange av kaiene framleis er intakte. Nokre av dei har funksjon som reservekai, men det kan liggje eit potensiale i å nytta desse areala. Det kan såleis vera av interesse for kommunane å ta ein gjennomgang av denne type kaiar, for å avdekka stader med potensial som næringsområde for sjørette verksemd, som til dømes landbasert oppdrett (postsmolt).

Hamnar, ankring-, rigg- og opplagsområde er registert i Kystverket sin kartportal og i kommunale planar. Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger synleggjer på plankartet eksisterande ankring- og riggområde, samt prioriterte fiskerihamner, ISPS-hamner og nødhamner.

## Fiskerihamn

Fiskerihamn er primært for bruk til fiskeriføremål. Felles for alle fiskerihamner er at dei på ulike måtar er lagt til rette for verksemd innan fiskerinæringa. Fiskerihamner varierer både i storleik og med omsyn til kva fasilitetar dei kan tilby. Dei kan mellom anna omfatte mottak av fisk, foredling, verksemd knytt til produksjon og handel, vidaretransport av fisk og fiskeprodukt, ulike formar for service retta mot fartøy og mannskap, samt å dekke behov for trygge liggeplassar for fiskefartøy når dei ikkje er i aktivt fiske. Ei fiskerihamn kan betegnast som ei «statleg fiskerihamn» eller som ei fiskerihamn. Statleg fiskerihamn er ei hamn der staten enten eig deler av infrastrukturen eller har grunnrettar som tilgodeser fiskerinæringa der. Dei viktige fiskerihamnene har stor tyding for lønnsmda i fiskerinæringa, og hamnene må difor vera mest mogleg tilpassa den strukturen ein ønskjer på fiskeflåten og tilverksindustrien.

I planområdet er det registrert 42 fiskerihamner. Med auka press på utbygging og aktivitet i strandsona må sentrale og viktige fiskerihamnar takast vare på og prioriterast for fiskerinæringa. Dette omfattar både landareal og sjøareal, og er i planen forankra retningsline 2.20. Kystverket har signalisert at statlege fiskerihamner med liten eller inga tyding kan søkast avhendast til kommunane eller andre brukarinteresser. Gjennom avhendinga skal mellom anna forvaltnings- og vedlikehaldsmessige innsparingar komme andre hamner

til gode. Regional kystsonerplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger synleggjer og prioriterer fire større fiskerihamnar i planområdet; Salthella, Storebø og Torangsvåg i Austevoll kommune, og Hovlandshagen/Langevåg i Bømlo kommune.

### **Hamnesikring - ISPS (International Ship and Port Facility Security Code)**

ISPS-koden er vedtatt av FNs sjøfartsorganisasjon IMO, og fastlegg eit minimum av sikringstiltak i hamneanlegg for å forbetra tryggleiken for skip i internasjonal fart. ISPS-regelverket vart utarbeidd som følgje av trusselen om terrorangrep, og inneheld ei rekkje krav til konkrete sikringstiltak som skal setjast i verk om bord på passasjerskip, lasteskip og flyttbare boreinnretningar i internasjonal fart og i hamneanlegg som tener slike skip. I planområdet er det definert 21 ISPS-hamner.

### **Næringsområde i sjø**

Maritim næringsverksemd er avhengig av hamneområde og tilkomst til desse. Samstundes er det eit aukande behov for testområde, ankrings-, rigg- og opplagsområde i sjøområda. Tilgang på sjøareal vil for ein del av næringsaktørane vera avgjerande for om dei kan ekspandere både drift og type aktivitet. Dette er også relevant for om nye næringsaktørar etablerer seg i regionen. Eksisterande næringsareal på land og etablering av nye må sjåast i samanheng med kva aktivitet det er på sjøen. Vidare er det viktig at ein ser på tvers av kommunegrensene når det gjeld tilkomst og ferdsel.

Det er utfordrande å planlegge for aktivitet knytt til maritim næring på sjøen då desse ofte berre er periodevis i bruk. Bruksverdien vil likevel vera vesentleg når det først er aktivitet. Behovet for rigg-, ankring- og opplagsplassar, samt andre maritime næringsområde har endra seg i takt med utvikling i næringane, til dømes er det no større behov for store og skjerma område for store installasjonar. Det er i denne plansamheng ikkje kartlagt behov og utstrekning av slike maritime næringsområde i sjø knytt til verken eksisterande eller framtidig næringsaktivitet. Samanhengen mellom sjø og landområde er i denne samheng særst sentralt, og kommunegrensene kan vera vanskeleg å ta omsyn til. Næringsaktørar i regionen har eit ansvar for å synleggjere sine behov og utviklingstrekk. Handlingsplanen har adressert dette som eit tema å jobba vidare med.

Rigg-, ankring- og opplagsplassar er viktige for den maritime næringa, til dømes ved behov for lagring av demobiliserte offshore-installasjonar og opplag av tankskip og rigger når oljeprisane er låge. Installasjonar som vert oppankra i lengre tid kan vera utfordrande med omsyn til potensiale for forureining, samstundes kan slike installasjonar opplevast som negativt for aktivitet på landsida. Område registrert som rigg- og ankringsområde er synt i plankartet som rein arealsone for verksemda. Areal må vera avklart opp mot andre interesser, då områda må vera reine for installasjonar som kan vera til hinder for aktiviteten. Dette er forankra i retningsline 3.4.2.


### **Kartlegging av regionalt viktige næringsareal**

Ein stor del av næringsområda i regionen er lokalisert til kystlina. Dette skuldast dels topografiske tilhøve, men òg at næringa i området i stor grad har historiske røter knytt til verksemdar ved sjøen. Kartfesting av eksisterande næringsareal til sjø og analyse av regionalt viktige næringsområde ved sjø er gjort i tilknytning til *Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland*. Data for kommunane Kvam, Jondal og Vindafjord er supplert. Store delar av næringslivet og industrien i planområdet er tradisjonelt knytt til bruken av strandsona og sjøen. Gode sjøtilknytte næringsområde er såleis svært viktige for dette området. Store moderne industriaktørar er avhengige av bruken av kystsona for deira verksemd.

Dei regionalt viktige næringsområda ved sjø er peika ut på grunnlag av eit sett utvalskriterier. Dei skal ha god tilkomst frå sjøsida, inkludert god tilknytning til hovudfarlei, og romsleg kaiareal med djupvasskai. Dei skal ha kort tilkomst frå hovudvegnettet og hovudleia langs kysten. Områda skal dessutan ha ei viss «tyngd», det vil seie næringsområde som er store i areal, har eit høgt tal på arbeidsplassar, har høg verdiskaping, eller det skal vera ein næringstype som er spesielt viktig for regionen. Det er i tillegg gjort ei fagleg vurdering av kva rolle næringsområda spelar i ein regional samanheng. Avgrensinga av dei fleste næringsområda er henta frå kommuneplanane, så sant området er merka av i plankartet. Utvalskriteria medfører at det berre er dei største og viktigaste industriområda som blir kategorisert som regionalt viktige. Arbeidet er gjennomført av Asplan Viak AS.

Dei regionalt viktige næringsområda ved sjø inkluderer kaiar med anløp av skip i internasjonal trafikk (ISPS-godkjent), regionalt viktige industriaiar, reiselivsplanlegg ved sjø av regional tyding, statlege fiskerikaiar, motaksanlegg for fisk, fiskeslakteri, landbasert akvakultur (ved sjø) og andre kaiar av regional tyding for fiskeri

og akvakultur. Når det gjeld verksemdar som er relatert til akvakultur, er òg mindre verksemdar inkludert. Denne næringa handterer store verdiar på små område, ofte med ganske få tilsette. På grunn av den viktige rolla som næringa totalt sett spelar for regionen er det valt å inkludera alle landbaserte akvakulturlokalitetar i strandsona i kategorien «regionalt viktige næringsområde».



Figur 13 Regional viktige næringsområde ved sjø

## 5.4 Konsekvensar av planframlegget

### Positive konsekvensar:

- + Farleiene og viktige maritime næringsområde i sjø er synleggjort i plankartet
- + Synleggjort og prioritert næringsområde ved sjø til sjøretta næring. Definisjon av sjøretta næring er at verksemda bør vera både retta mot og ha trong for sjøtilgang, og dermed ha ein avhengigheit til sjøen
- + Sjøtransport og maritim næring er ein av sektorinteressene som er vurdert i samband med akvakultur
- + Fokus på behov for oppdatering av maritime næringsområde i sjø

### Negative konsekvensar:

- Det er ikkje kartlagt viktige næringsområde i sjø
- Det er ikkje vurdert behov for eller fastsett nye næringsområde

### Konklusjon:

Planframlegget ivaretek interessene knytt til sjøtransport og maritim næring gjennom retningsliner, plankart og handlingsplan. Samstundes er sjøtransport og maritim næring teke omsyn til ved arealavklaring for akvakultur. Viktige regionale næringsområde ved sjø er definert i Interkommunal strandsonenplan for Sunnhordland, med suppleringsdata for Jondal, Kvam og Vindafjord. Desse områda er implementert i planframlegget. Planen legg til rette for at målet om utvikling av maritim sektor gjennom trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal vert ivaretatt.

## 6 Strandsone

Strandsona er ein viktig ressurs som grunnlag for busetnad, næring og rekreasjon. Fleire av kommunane i planområdet er øykommunar med ein rik skjergard og langstrakt strandsone. Andre kommunar har størsteparten av tilgjengeleg byggeland innanfor strandsona i hovudsak grunna topografi med bratte fjell. Det er historiske og naturgjevne grunnar for menneskeleg aktivitet i strandsona. Store delar av næringsgrunnlaget i regionen er knytt til strandsone og sjø gjennom industri knytt til offshore, bygging av plattformer og skip, samt akvakultur av nasjonal tyding. I planområdet er strandsona også ein viktig ressurs i eit reiselivsperspektiv.

Strandsonevernet i Norge har lange tradisjonar. Strandsona har vore underlagt eit særskilt vern sidan midten av 1950-talet og det alminnelege byggeforbodet vart første gong lovfesta i 1965. Kyst- og strandstrekningane er av nasjonal interesse fordi dei er attraktive for allmenn ferdsel og friluftsliv, og det knyter seg ofte viktige allmenne verdiar til desse områda. Det er utfordrande for kommunane å balansera mellom bruk og vern av areala basert på nasjonale og regionale føringar, samstundes som ein skal gje lokal aktivitet i kystområda grobotn for vidare utvikling. Klare planmålsetnader, godt planverktøy og gode planprosessar er viktig for ei heilskapleg og langsiktig forvaltning av strandsona.

Å gi folk moglegheit til å vera aktive ute i grøne omgjevnader er blitt ein viktig del av arbeid for å betre folkehelsa. I stortingsmeldinga om friluftsliv vert det slått fast at friluftsliv i nærmiljøet er ei viktig kjelde både til naturopplevingar og fysisk aktivitet i det daglege. Folkehelse er eit prioritert satsingsområde for Hordaland fylkeskommune, og Regional plan for folkehelse i Hordaland 2014-2025 vart vedteken i 2014. I Sunnhordland og Hardanger representerer sjø og strandsone lokal identitet, rekreasjon og Almanning. Det er viktig å sikre tilgang til desse områda for framtidens innbyggjarar, som eit grunnlag for ei god folkehelse.

For å oppnå målsetnaden om god balanse mellom bruk og vern er det innført strengare reglar for strandsona i plandelen av plan- og bygningslova (2008). Byggeforbodet i 100-metersbeltet er nedfelt i § 1-8. Forbodet er innskjerpa i høve til tidlegare lov, og gjeld så lenge det ikkje er fastsett anna byggegrense. Lova stiller som krav at det skal takast særskilt omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Vurdering av nye tiltak skal alltid vegast mot allmenne omsyn.

Det vart i mars 2011 vedteke Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Føremålet med retningslinjene er å tydeleggjere nasjonal arealpolitikk i 100-metersbeltet langs sjøen. Retningslinjene utdjuvar lova og gjev konkrete statlege føringar for kommunane og fylkeskommunane si planlegging.

### 6.1 Delmål strandsone

Strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur- og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Det er eit mål å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig utbygging.

### 6.2 Differensiert forvaltning av strandsona

Plan- og bygningslova er det viktigaste verktøyet for planlegging og forvaltning av strandsona. Intensjonen i lova er at kommunane skal avklare framtidig arealbruk i strandsona gjennom si planlegging, først og fremst kommuneplanen. Gjennom planlegging skal strandsona vurderast heilskapleg og langsiktig. Arealbruken skal vurderast konkret i høve til dei interesser som gjer seg gjeldande i ulike delar av strandsona.

Kartlegging av strandsona og fastsetjing av funksjonell strandsone som grunnlag for lokalt tilpassa bruk og forvaltning er ein hovudstrategi for den regionale strandsonepolitikken i Hordaland. Dette er også forankra i retningsline 2.22 og 2.23 i føreliggande plan.

Definisjon av funksjonell strandsone:

*"Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vere smalare eller breiare enn 100-metersbeltet."*

Strandsone er definert som 100-metersbeltet eller område kartlagt som funksjonell strandsone. I dette ligg det eit handlingsrom og ei moglegheit for differensiering gjennom kartlegging og fastsetjing av funksjonell strandsone i plan, jamfør retningsline 2.28. Kommunen kan på denne måten tilpassa det formelle byggeforbodet i strandsone til lokale tilhøve. Statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsone gir rom for nye tiltak i strandsone etter konkret vurdering av lokale tilhøve for kommunar som ligg i sone med mindre byggepress (sone 3). Også for denne sona fastslår dei statlege retningslinene at utbygginga bør lokaliserast til område som er bebygd frå før, samt at ein skal vurdere alternative plasseringar og velje desse der det er mogleg. Desse tilhøva er sikra gjennom retningsline 2.29 og 2.30. Men der alt utbyggingsareal ligg i 100-metersbeltet, og det ikkje er mogleg med alternativ plassering, kan kommunane i større grad tillate nye tiltak innan 100-metersbeltet. For denne sona legg ein også større vekt på trongen for næringsutvikling når det er vekt opp mot dei allmenne interessene.

Kartlegging av funksjonell strandsone inneber ei detaljert analyse av landskap og landskapselement, og vil mellom anna krevja synfaringar og flyfotostudier. Gjennom ei samanstilling av kjent kunnskap og nye vurderingar kan ein differensiera strandsoneverdiane basert på fastsette kriterium, og slik definera område som bør vernast og område som kan vidareutviklast med ny utbygging eller fortetting. Kvalitetar knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne, bygningsmiljø og tilgjenge for ålmenta står i fokus. Kartlegginga krev ikkje anna kompetanse enn det kommunane normalt har for planleggings- og kartarbeid. Det er ein viktig føresetnad at arbeidet er kunnskapsbasert og kan etterprøvast.

Kartlegging av funksjonell strandsone bør - som eit minimum – gjennomførast for aktuelle nye utbyggingsområde, fortettingsområde og LNF-område der det er aktuelt å opna for spreitt busetnad.

Reguleringsplanar i strandsone som opnar for arealbruk som ikkje er avklart på overordna nivå kan få utilsikta negative verknader for den framtidige utviklinga i eit område, til dømes i høve til allmenne interesser, friluftsliv og landskap. Det er difor svært viktig at arealbruken er avklart i kommuneplanen. Dette er forsterka i statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsone. Det er her sett fokus på at den differensierte forvaltninga av strandsone primært skal skje gjennom planlegging, ikkje enkeltsakshandsaming. Nye byggeområde i strandsone som er avklart på kommuneplannivå skal planleggjast gjennom reguleringsplanar, eventuelle unntak skal definerast i den einskilde kommune sin kommuneplan. Retningsline 2.32.

Eit viktig punkt i statlege planretningsliner er at kommunen skal vurdere om tidlegare vedtekne område for utbygging i strandsone, som ikkje er bygd ut, skal oppretthaldast eller takast ut av kommuneplanen. I denne vurderinga skal dei skjerp krava i ny plan- og bygningslov og retningslinene leggjast til grunn. Eldre planar i strandsone frå før PBL 2008 skal også revurderast og avklarast opp mot strandsonevernet. I dette ligg det at eldre planar utan definert byggegrense til sjø må fastsetje denne i ny plan for å unngå at byggeforbodet slår inn, også for eksisterande bebygde eigedomar i strandsone. Dette er forankra i retningsline 2.25.

Planframlegget med tilhøyrande retningsliner er relativt detaljert når det gjeld tiltak i strandsone, og speglar moglegheitene som ligg i plan- og bygningslova. Tiltak i strandsone er som hovudregel omfatta av plankrav, men det er gitt opning for mindre utbygging utan plankrav. Dette kan medverke til positiv lokal utvikling. Føringane i planframlegget legg vekt på allmenne interesser. I tillegg til retningslinene som konkret omhandlar tiltak i strandsone, vil retningsliner knytt til berekraftig kystsoneplanlegging i fleire tilhøve vera relevant for strandsone.

Sentrale føringar for utbygging i strandsone er fortetting i eksisterande utbygde område med omsyn til lokale tilhøve, medan utrørte område bør haldast fri for inngrep, samt at nye tiltak bør trekkast så langt unna sjø som mogleg og i retning frå sjøen.



Figur 14 Naustområde og småbåtanlegg på Kråko. Foto Svein



## 6.3 Arealføremål knytt til strandsona

### Småbåthamner/småbåtanlegg

Det er ønskeleg å stimulere til eit aktivt båtliv i ein region med lett tilgjengeleg og særskild attraktiv skjergard. Behovet for småbåthamner må vurderast heilskapleg for kommunen og heimlast i kommuneplan.

Fellesanlegg for båtplassar skal prioriterast framfor nye naustområde. Det skal leggjast opp til fellesløyser for båtplassar, båtslipp, molo og infrastruktur som til dømes boder, toalett/dusjrom og felleslokale knytt til båthamner på land. Båtslipp skal gjerast tilgjengeleg for allmenn bruk slik at båtar og kajakkar kan lagrast annan stad, men setjast på sjø på eigna område. Dette gir også moglegheit for at naust kan liggja lenger unna sjøkanten. Parkering og anna som ikkje treng ligge til sjø, skal om mogleg trekkast lengre vekk frå sjøen. Eventuelle nye naust skal som hovudregel samlast i slike område med fellesløyser. Desse tilhøva er forankra i retningsline 2.36.

Det må skiljast mellom småbåthamner og småbåtanlegg i planlegginga. Arealføremålet småbåthamn bør nyttast på anlegg for småbåtar som er opne for allmenta og ikkje knytt til nærare fastsette eigedomar. Der- som båtplassane skal knytast til nærare fastsette eigedomar skal arealføremålet småbåtanlegg nyttast. Småbåthamner vil som regel vere større enn småbåtanlegg. Småbåthamner og småbåtanlegg må visast i kommuneplankartet.

### Naust


Naust er uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap. Det generelle byggjeforbodet i 100-metersbeltet gjeld alle typar bygningar. Det er likevel gitt opning i dei statlege planretningslinene for differensiert forvaltning i strandsona for fritidsfiske gjennom å tillata oppføring av naust og brygge.

Naust har ikkje den same ferdselshindrande verknaden som bustader og fritidsbustader, allmenta vil som regel kunne ferdist ved naust etter reglane i friluftslova. For å sikre friluftssinteressene bør kommuneplanen setje vilkår om at utbygging av naustområde skal ta omsyn til friluftssinteressene, mellom anna ved at bade- plassar, stiar og tilkomstveggar til sjøen ikkje skal byggast ned. Tilkomst frå sjø med båt skal også ivaretakast, og ikkje hindrast gjennom nedbygging av strandsona.

Det er viktig å ha eit klårt skilje mellom naust og fritidsbustader/bustader. Nausta må ha eit volum og ei utforming som er naturleg i høve til det føremålet nausta skal stetta. Dette inneber mellom anna at nausta ikkje må få preg av å vere ein fritidsbustad. I dei fleste tilhøve vil det vere tilstrekkeleg med berre ei høgd og eit enkelt loft på naustet. For å unngå at naust vert nytta som fritidsbustad/bustad er storleik og utforming avgjerande. Dette gjeld uavhengig av storleik på eksisterande sjøhus i området. Balkongar og store sjøvende vindauge vert framandelement på eit bygg som skal nyttast til oppbevaring av båt og tilhøyrande utstyr.

Ved etablering av nye naustområde bør nausta plasserast i klynger med god tilkomst for allmenta mellom naustgruppene. For å unngå for mange like einingar, bør bygningane varierast i form, farge, materialbruk. Det er definert maksimum storleik for naust i retningslinene. Avvik frå storleikskravet kan vurderast for til dømes fellesbygningar som er planlagt som ein del av eit heilskapleg naustområde. Det er viktig at naust har god tilpassing til landskap og bidreg til vidareutvikling av den lokale byggeskikken for naust. For å skåne landskapet bør det ikkje fyllast ut i sjø og farge- og materialval bør vere i tråd med lokal byggeskikk.

Nye naust i gamle sjøhusmiljø kan vere ei utfordring. Dei gamle sjøhusa høyrde gjerne til fiske og næring knytt til fiske. Ut frå sin funksjon er desse sjøhusa av ei anna karakter og storleik enn nye naust som skal huse båtar og reiskap til fritidsbruk. Det er spørsmål om desse områda passar for nye naust til anna bruk, til fritidsbåtar. Nye store bygg i slike område må eventuelt vere til fellesbruk. Eventuelt kan ein nytte høve til å variere storleik ved at dei nye nausta har ordinær nauststorleik og syner ei anna bruk. Dei gamle nausta som ein kan samanlikne med bruksmessig, var ofte mindre enn dagens naust.



Figur 15 Naust Kråko. Foto arkitekt Jo Ketil Nielsen

Dei gamle naustområda ligg ofte i dei stille vikene, stader som først vart tekne i bruk grunna god tilgang til sjøen og vern mot vind og uver. I dag har desse stadene også funksjon for bading og fritidsrekreasjon. Det er viktig at den samla bruken av områda blir tatt vare på og at område ikkje blir bygd igjen med naust.

Kommunen skal i samband med kommuneplanlegging gjere ei samla vurdering av kva areal som er eigna til naust, og kva behov kommunen har for nye naust. I utgangspunktet legg landskapet premissane for kvar naust og eventuelle småbåtanlegg bør liggje. I tillegg vil vêrtilhøva og fare for storm og høg flo på staden ha innverknad på kvar det er forsvarleg å plassere bygg. Dersom bygging av naust krev større utfylling i sjø eller skjerming i form av store moloanlegg, tilseier dette at område i utgangspunktet ikkje er eigna til føremålet.

Kommunen kan ved føresegnar til arealføremål gi høve til spreidd utbygging av naust, samt stadfeste plasseringa i plankartet. Det er viktig at omfang, lokalisering og storleik på nausta går fram av føresegnene til planen.

Dersom kommunen vel å legge til rette for konsentrert naustutbygging på eit avgrensa område, kan dette i plan synast som eige arealføremål. I føresegnene skal det går fram at det er krav om reguleringsplan for slik utbygging.


Dei ulike tilhøva knytt til naust er forankra i retningsliner 2.39-2.42.

### Bustader og fritidsbustader

Nærleik og utsikt til sjø er eit gode og ein attraksjon ved å bu i Sunnhordland og Ytre Hardanger. Dette må forvaltast nennsamt slik at verdien vert oppretthalden og kjem flest mogleg til gode. I praksis vil det sei detaljert planlegging der verdier i strandsona vert ivareteke og der tiltak i strandsona kjem allmenta og fellesskapet til gode.

Nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, i alle høve ikkje innanfor område kartlagt med strandsoneverdiar og definert som funksjonell strandsona. Dette er forankra i retningsline 2.27.

Område som tidlegare er avsett til byggeområde i kommuneplanen, regulerte eller uregulerte, har ofte ikkje fastsett byggegrense mot sjø. I slike område kan ei kartlegging av strandsoneverdiane vere viktig informasjon for å sikra ein miljørevisjon av planane. Det vil i enkelte område likevel vere naudsynt å setje ei anna byggegrense enn den funksjonelle strandsona, for slik å leggje til rette for at eksisterande eigedomar kan vidareutviklast innanfor fastsette rammer, sjå figur nedafor. Funksjonell strandsona kan nyttast som omsynssone i desse områda, for å tydeleggjere strandsonevernet knytt til tilkomst, siktliner, landskapstilpassing osv. Denne tilnærminga gjer det mogleg å leggja til rette for nye tiltak der det etter nærare vurderingar ikkje forringar strandsoneverdiane i område. Samstundes gir det kommunen høve til å avgrense og sikre friområde og viktige ferdselskorridorar i strandsona.



Figur 16 Funksjonell strandsona i plan, Akvator AS.

Figuren syner ulike grensesetjingar i strandsona for eit konkret byggeområde avsett til bustad i kommuneplan.

I område der det er vesentleg avvik mellom funksjonell strandsona og ny byggegrense, kan det leggjast ei omsynssone med føringar for å ivareta strandsoneverdiane innanfor området.

Svart strek = 100-metersbeltet  
Stipla strek = funksjonell strandsona  
Rød strek = ny byggegrense  
Skravur = omsynssone funksjonell strandsona

Ny byggegrense mot sjø innafor avsette byggeområde skal vera basert på kartlegging av funksjonell strandsone. Generell byggegrense på til dømes 30 meter mot sjø gjennom eit byggeområde vil ikkje fange opp lokale tilhøve på ein tilstrekkeleg måte.

I allereie utbygde bustadområde kan det etter nærare vurderingar vere aktuelt å opne for fortetting. Nye tiltak skal trekkast så langt unna sjøen som mogleg, i prinsippet lenger vekk enn eksisterande. Utviding av eksisterande bygningar bør om mogleg skje i retning vekk frå sjøen. Fortetting i byggeområde i strandsona føreset at det er fastsett byggegrense til sjø, om ikkje byggeforbod i 100-metersbeltet skal gjelde. Fortetting utan plan føreset også at dette er avklart i kommuneplan. I område der det er samsvar mellom funksjonell strandsone og ny byggegrense er grense for fortetting klarlagt. I område med avvik slik figuren ovanfor syner, skal det som hovudregel ikkje lokaliserast nye bustader som fortetting utan plan mellom byggegrense for eksisterande bustadeigedomar og funksjonell strandsone.

### **Næringsinteresser i strandsona**

Sunnhordland har lange tradisjonar for å leve av og skape næringsaktivitet av ressursane knytt til sjø og kyst. Dette syner seg særskilt innan primærnæringsane, industri og energi, råstoffutvinning og i aukande grad innan reiselivsnæringsane. Maritime næringsareal er nærare skildra i kapittel 6.2 i planen.

## **6.4 Tilhøvet mellom regional plan for kystsona og interkommunal plan for strandsona**

Sunnhordland er pilotregion for differensiert strandsoneforvaltning og har fått utsetjing for endeleg plassering i område 3 i dei statlege planretningslinjene for å hauste erfaringar frå interkommunalt strandsoneplanarbeid. Som føresetnad for pilotstatusen er utarbeiding av interkommunal plan for forvaltning av strandsona i Sunnhordland.

Proessen rundt interkommunal strandsoneplan er nokolunde parallell i tid med regional kystzoneplan for Sunnhordland. Det har vore viktig å søkja samordning av dei to planarbeida slik at ein får synergieffektar for område som er overlappande.

Planområda for dei to planane er delvis overlappande. Felles for dei begge er at alle Sunnhordlandskommunane er med, inklusiv Fusa. I regionalplanen er sjøarealet i Vindafjord, pluss kommunane Jondal og Kvam og sjøområda i ytre Hardangerfjord også med i planområdet. Ein annan skilnad er at den interkommunale planen har sitt hovudfokus på strandsona og landarealet, med ei utstrekning i sjø ut til 50 m frå land, medan regionalplanen tek med seg heile sjøområda og har sitt hovudfokus på heile kystsona.

Den interkommunale planen har ikkje utarbeidd plankart for strandsona. Dette vert ei kommunal oppgåve, med bakgrunn i dei føringane som planen legg i føreseger og retningslinjer. Regional plan har heller ikkje teke med seg heile strandsona i plankartet, men det er utarbeidd overordna retningslinjer for strandsoneforvaltninga. Plangrensa er i nokre høve trekt inn på land, eller tek med seg øyar. Dette gjeld særskilt for område som er føreslege som regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne. Val av avgrensingar går nærare fram av metodekapitlet knytt til plankart.

Ressursgruppa for den interkommunale planen har fungert som ei faggruppe for arbeidet med strandsone-tematikk i regionalplanen. Det er særskilt to tema som vert løfta fram frå den interkommunale til den regionale planen. Det interkommunale planarbeidet har hatt fokus på kartlegging av regionalt viktige næringsområde til sjø, samt viktige sjøbruksmiljø og område med rike kulturminner.

## 6.5 Konsekvensar av planframlegget

### Positive konsekvensar:

- + Planframlegget ivaretek strandsoneverdiane gjennom retningsliner knytt til nye tiltak, og retningsliner knytt til verdiane i strandsona
- + Det er opna for differensiert strandsoneforvaltning til lokale tilhøve
- + Allmenne interesser er tillagt vekt
- + Omsynssonene for regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne er med på å framheva område med regionalt viktige strandsoneverdiar.

### Negative konsekvensar:

- Gjennom differensiert strandsoneforvaltning vert strandsoneverdiane i enkelte tilhøve sett til side til fordel for utbygging med bakgrunn i prioritert samfunnsutvikling. Føremonene er større enn ulempene ved nye tiltak.

### Konklusjon:

Planframlegget med spissa retningsliner for strandsona ivaretek strandsona i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet. Samstundes opnar planen for utvikling og bruk av strandsona, gjennom ein balanse mellom bruk og vern. Føringane vil medverke til å unngå uheldig utbygging.

# 7 Retningslinjer

## §1. Verknad av planen

- 1.1 Regional kystzoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger er heimla i § 8-1 i plan- og bygningslova. Etter § 8-2 skal planen leggast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og forvaltning i regionen.
- 1.2 Planen har eit tidsperspektiv på 12 år. Behov for planrevisjon vert vurdert kvart 4.år i regional planstrategi.
- 1.3 Regional kystzoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger inneheld retningslinjer som ivaretek måla i planen. Dei regionale retningslinjene vil kunne vere utgangspunkt for vurdering av motsegn frå regionale mynde.
- 1.4 Det regionale plankartet og retningslinjene er retningsgivande for vidare kommunal planlegging og konsekvensutgreiing. Rettsleg bindande arealbruk vert fastlagt i den kommunale arealplanlegginga etter plan- og bygningslova. Tidlegare godkjente og gjeldande kommuneplanar og reguleringsplanar innanfor planområdet gjeld uavhengig av denne planen.
- 1.5 Endringar i areal- og ressurspolitikken bør skje ved å ta opp planane til revisjon, ikkje ved dispensasjonar. Dersom det skulle vore trong for dispensasjonar frå kommuneplan eller reguleringsplan etter plan- og bygningslova kap.19, skal kommunane legge vekt på å følgje opp måla og retningslinjene i regional plan.

## § 2. Generelle retningslinjer

- 2.1 Kystzoneplanlegging skal baserast på best tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag. Kommunane skal vurdere behov for oppdatering og vidareutvikling av kunnskapsgrunnlaget. Der det er mangelfull kunnskap, skal «føre-var-prinsippet» nyttast.
- 2.2 Den regionale planen er ein overordna plan, som ikkje fangar opp alle lokale tilhøve. I kommunal planlegging skal føremålsgrenser, arealkategoriar, føresegner og retningslinjer tilpassast kommunalt plannivå.
- 2.3 Kommunane skal særleg prioritera medverknad frå organisasjonar innan natur, friluftsliv, kystkultur og kystnæringar i tillegg til statlege sektororgan.
- 2.4 Særskilte verdiar for friluftsliv, landskap, natur- og kulturmiljø/kulturminne bør synast i kommuneplankartet som omsynssoner, eller som arealføremål som til dømes grønstruktur.
- 2.5 Samanhengande grønstruktur skal sikrast som grunnlag for friluftaktivitetar. Tilkomst til og langsmed strandsona bør sikrast både frå landsida og sjøside. Tilrettelegging for ferdsel bør prioriterast. Verdifulle landskapsområde og mangfaldet av landskapstypar skal ivaretakast.
- 2.6 Kommuneplanen bør gi retningslinjer for skjøtsel for å ivareta og oppretthalde natur- og kulturlandskapet.
- 2.7 Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressursar. Sjøbruksmiljø er ein viktig del av kystkulturen, og må ivaretakast særskilt.
- 2.8 Område for skjelsand bør vurderast og gjerast synleg i kommuneplan.
- 2.9 Kommunane skal ta omsyn til kartlagde gyte- og oppvekstområde for villfisk.
- 2.10 Trålfelt og prioriterte kaste- og låssettingsplassar skal sikrast i kommuneplan og avklarast opp mot andre interesser.

- 2.11 Prioriterte artar og utvalde naturtypar skal ivaretakast særskilt. Kystlynghei, dvergålegras og ålegras-enger er naturtypar som er karakteristisk for planområdet.
- 2.12 Forsvarets øvings- og skytefelt skal ivaretakast i kommunale planar.
- 2.13 Føre-var prinsippet skal leggjast til grunn for nye tiltak innanfor område som er føreslege som marint verneområde. Ved vidare utvikling av eksisterande verksemd skal det visast varsemd i høve til verdiane i området.

## Akvakultur

- 2.14 Kommunane må gjere ei heilskapleg vurdering av behovet for akvakulturområde i lag med næringa og sektormyndene (fylkeskommune, fylkesmann, kystverket, mattilsynet og fiskeridirektoratet). Eksisterande akvakulturområde skal vurderast i høve til aktivitet og trong for endring, og akvakultur bør prioriterast dersom området er godt eigna og næringa ser potensial for framtidig bruk.
- 2.15 Ved tilbaketrekking av løyve etter akvakulturlova, skal arealbruk i sjøområde vurderast på nytt.
- 2.16 Område avsett til akvakultur i regionalplanen er retningsgivande og skal vurderast og detaljerast vidare i samband med kommunal arealplanlegging. Kommunen kan avsette meir sjøareal til akvakultur for større teknologiske nyvinningar eller område for nye artar. Nye område for akvakultur som vert lagt inn i kommuneplanane skal konsekvensutgreiast.

## Sjøtransport og maritim næring

- 2.17 Kommunane skal ha oppdatert kunnskap knytt til gjeldande farleier, trong for hamner og sjøretta næringsareal.
- 2.18 Kommunane skal særleg prioritera medverknad frå maritime verksemdar og organisasjonar, samt kystverket som sektororgan.
- 2.19 Areal til farleier, hamner og kommunikasjonspunkt mellom sjø og land skal sikrast i planar.
- 2.20 Kommunar med viktige fiskerihamner skal sikre landarealet til fiskeriretta bruk og tilhøyrande sjøområde for ferdsel/manøvrering.
- 2.21 Næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Samanhengen mellom land- og sjøareal må ivaretakast.

## Strandsone

- 2.22 Strandsone er definert som 100-metersbeltet frå sjø eller område fastsett som funksjonell strandsone.
- 2.23 Kommunane skal ha oversikt over gjeldande areal- og planstatus i strandsone. Kommunen kan differensiere strandsonevernet til lokale tilhøve gjennom heilskapleg og kunnskapsbasert kartlegging og forankring av funksjonell strandsone i plan.
- 2.24 Kommunane skal særleg prioritera medverknad frå lokale friluftsansjonar, båtlag, grendelag og velforeningar og fylkesmannen som statleg sektororgan.
- 2.25 Kommunane skal vurdere om tiltak som tidlegare er godkjent i kommuneplan eller reguleringsplan, er i samsvar med nasjonale og regionale føringar for strandsone.
- 2.26 Kommunen skal vurdere behov for nye byggeområde, båtplassar og tilrettelegging for friluftsliv.
- 2.27 Nye byggeområde skal som hovudregel ikkje lokaliserast i 100-metersbeltet eller i område kartlagt som funksjonell strandsone.

2.28 Byggeforbodet i 100-metersbeltet kan fråvikast gjennom å fastsette ny byggegrense. Funksjonell strandsone kan leggjast til grunn for ny byggegrense. Ny byggegrense bør ikkje fastsetjast som ei generell grense. Der byggegrenser ikkje går fram av plankartet eller føresegner, gjeld 100-metersbeltet som byggegrense.

#### Generelt for nye tiltak i strandsona

- 2.29 Utbygging i strandsona skal skje mest mogleg konsentrert. Større, samanhengande inngrepsfrie område bør haldast fri for nye tiltak.
- 2.30 Alternativ lokalisering av nye tiltak i strandsona skal vurderast før bygging tillatast. Nye tiltak bør trekast så langt unna sjøen som mogleg, og lenger vekk enn eksisterande bygningar. Utviding av eksisterande bygningar bør om mogleg skje i retning vekk frå sjøen.
- 2.31 Nye tiltak i strandsona skal gjevast ei god estetisk og arkitektonisk utforming når det gjeld form, volum, stiluttrykk, materialbruk og fargar, og gje minimale terrenginngrep og optimal massebalanse.
- 2.32 Det skal som hovudregel stillast plankrav til nye byggeområde i strandsona. Det kan gjerast unntak frå plankravet for konkrete område som er avsett i KPA, dersom dei ikkje er i strid med retningslinene og verdiane i funksjonell strandsone er ivareteke.
- 2.33 Areal til bustad- sentrums- og næringsutvikling skal prioriterast framfor areal til fritidsføremål innafor areal avsett til sentrumsområde i kommuneplanen.
- 2.34 Allmenn tilgang til strandsona i form av strandpromenade, offentleg tilgjengeleg kai og parkar/byrom/friområde/lokale badeplassar må tilretteleggast i utvikling av bustadområde, by- og tettstader.
- 2.35 Brygger skal ikkje byggast slik at dei stenger for allmenn ferdsel mellom naust og sjøen. Brygger bør etablerast utan store, irreversible terrenginngrep.

#### Båthamner

- 2.36 Fellesanlegg for båtplassar skal prioriterast framfor nye naustområde. Det skal leggjast opp til fellesløysingar for båtplassar, båtslipp, molo og infrastruktur som til dømes boder, toalett/dusjrom, felleslokale og parkering knytt til båthamna på land.
- 2.37 Kommuneplanane bør leggja til rette for småbåthamner som er allmenne anlegg for småbåtar utan tilknytning til bestemte eigedomar. Det skal knytast plankrav til nye småbåthamner.
- 2.38 Småbåtanlegg bør vurderast ved nye bustad- og fritidsbustadeigedomar ved sjø. Småbåtanlegg er mindre anlegg knytt til nærare fastsette eigedomar, og skal regulerast saman med dei aktuelle eigedomane.

#### Naust

- 2.39 Naust er uthus i strandsona som vert nytta til oppbevaring av reiskapar, utstyr, båtar og anna. Naust skal ikkje nyttast til overnatting og innreist som bustad/ fritidsbustad.
- 2.40 Nye naust skal som hovudregel samlast i eigne naustmiljø der ein planlegg med tanke på fellesløysingar for kai, bryggjer, parkering, boder, toalett/bad, parkeringsplassar og anna. I desse områda skal det vera krav om reguleringsplan.
- 2.41 Nye naust skal ikkje redusere ålmenta si tilgang til strandsona. Det skal tilretteleggast for allmenn ferdsel ved nye naust og over. brygger der det er mogleg. Det er ikkje tillate med nye gjerde/ levegg eller andre stengslar i naustområde.
- 2.42 Nye naust bør oppførast som separate einingar med variasjon i breidde og mønehøgde. Naustbygg skal vere maks. 40kvm, maks 1 etasje, maks mønehøgde 5,0 m over lågaste terreng under bygget. Naust skal ha ei utforming som samsvarar med bruken. Større takutstikk, takvindauge, terrassar og balkongar er ikkje i samsvar med bruken. Andre utformingar av naust kan vurderast gjennom detaljplanlegging dersom naustet er fellesnaust, eller det ligg føre gode arkitektoniske og landskapsmessige løysingar.

## § 3. Arealsoner i plankart

### § 3.1 Arealsoner Landskapsområde

- 3.1.1 Regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne er vist som arealsone landskapsområde.
- 3.1.2 Nye tiltak innanfor arealsonene skal tilpassast og ivareta dei konkrete verdiane. Nye areal for akvakultur og større, varige tekniske inngrep skal i hovudsak ikkje tillatast. Eksisterande næringsområde innanfor arealsona kan nyttast vidare.

### § 3.2 Arealsoner naturmangfald i sjø

- 3.2.1 Naturtypar i sjø med svært viktig verdi (A), alle registreringar knytt til ålegrassamfunn, korallforekomstar og registrerte gyteområde (Fiskeridirektoratet) er vist i plankartet som arealsone naturmangfald i sjø.

### § 3.3 Arealsoner med akvakultur

- 3.3.1 Areal for akvakultur er vist som arealsone Akvakultur og Sjø og vassdrag inklusiv akvakultur.
- 3.3.2 Akvakulturområde på kommuneplannivå skal i hovudsak avsetjast som einbruksområde for akvakultur. Områda skal vera romslege nok til å sikre god fleksibilitet. Det må sikrast mogleik for fortøying av anlegg i tilgrensande område.
- 3.3.3 Arealbruk i sjøområda må sjåast i samanheng med arealbruk på land. Lokalisering av nye akvakulturanlegg bør ikkje skje nær badeplassar, eller tett opp til bustad- eller fritidsbustadområde. Det skal takast omsyn til lokalt friluftsliv.
- 3.3.4 Lokalisering av nye akvakulturanlegg bør ikkje skje tett opp til anadrome vassdrag.
- 3.3.5 Vurderingar knytt til vertikalnivå og oppdrettsart skal gjerast som del av planlegginga.
- 3.3.6 For å sikre ferdsel mellom kystlinja og akvakulturanlegg, skal som hovudregel oppdrettsanlegget på sjøoverflata ligge minimum 100 meter frå kystlinja. Fortøyingar kan plasserast nærare land, men skal ikkje hindre ferdsel eller fiske.

### § 3.4 Arealsoner kystsoner

- 3.4.1 Område registrert som rigg- og ankringsområde er vist som arealsone kystsoner.
- 3.4.2 Områda skal sikrast i kommuneplan og avklarast opp mot andre interesser.

### § 3.5 Arealsoner sjø og vassdrag generelt (eks AK)

- 3.5.1 Område avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag utan akvakultur skal detaljerast vidare i samband med kommunal arealplanlegging. Områda er fleirbruksområde der dei ulike interessene (t.d. fiske, ferdsel, natur, friluftsliv) er likestilte.



## 8 Handlingsprogram

Tidsperspektivet for planen er 12 år, og handlingsprogrammet skal fokusere på tiltak i første fire årsperiode. Tiltakspunkt for resten av planperioden er i tillegg teke med. Handlingsplanen skal rullerast årleg, og gir ei grovmaska oversikt over tiltak for å kunne nå mål og retningsliner som er fastlagt i planen.

Berekraftig kystzoneplanlegging	Ansvar
Fiskeri: Oppdatering og evaluering av kartfesta trålefelt.	HFK/Fiskeridirektoratet
Fiskeri: Oppdatering og evaluering av kast- og låssettingsplassar	Kommunane/Fiskeridirektoratet
Fiskeri: Oppdatering og evaluering av fiskerihamnestructur	Fiskeridirektoratet
Kartlegging av sjøbotn, straumforhold, biologi og grunntilhøve. Kopling mellom alle Vestlandskommunane.	HFK
Villfisk: Kartlegging av villfisk og utvandringmønster og ruter.	Fylkesmann/forsking
Oppfølging av planen: Forum med ulike aktørar	HFK

Strandsona	Ansvar
Utarbeide rettleiar for planlegging i strandsona, inkludert vidare metode-utvikling knytt til kartlegging av funksjonell strandsona.	HFK/Fylkesmann/Kommunane
Kartlegging av sjøbruksmiljø i kommunane Kvam og Jondal	HFK/kommunane
Kartlegging av nye næringsområde til sjø	Kommunane/HFK

Akvakultur	Ansvar
Akvakultur: Status miljøforhold basert på MOM-B og MOM-C undersøkingar. Ny undersøking av tilstand.	Fylkesmannen
Kjerneområde for Akvakultur. Vidare utgreiing må vera basert på bonitetstilhøve.	HFK/Fylkesmannen

Sjøtransport og maritim næring	Ansvar
Maritim næring: Kartlegge område i sjø til maritim næring basert på næringa sitt behov (rigg, ankring, opplag, testområde med meir).	Kystverket

## 9 Samla konsekvensar av planforslaget

Kravet til konsekvensutgreiing er heimla i § 8-3, 3.ledd: «*Regionale planer med retningslinje eller rammer for framtidig utbygging skal inneholde en særskilt vurdering og beskrivelse av planens virkningar for miljø og sam-funn, jf. § 4-2, 2. ledd*».

Konsekvensutgreiinga skal avklare kva konsekvensar planframlegget har for miljø og samfunn. Den regionale planen gir føringar på eit regionalt nivå, og konsekvensutgreiinga er difor også gjennomført på eit overordna nivå. Arbeidet er gjennomført med utgangspunkt i eksisterande analysar og data, relevante offentlege rapportar, samt ei fagleg skjønsmessig vurdering. Konsekvensutgreiinga tek utgangspunkt i vurdering av effektar knytt til dei fire plantema (akvakultur, sjøtransport og maritim næring, strandsone og berekraftig kystsoneforvaltning.

Planprosessen har avdekka at det er behov for både ny kunnskap, men også oppdatering av eksisterande registreringar. For å skape ein god sameksistens er oppdatering av kjeldegrunnlaget viktig for å styrke planen sine intensjonar om berekraftig forvaltning av kystsona. Fakta og kunnskap må ligge til grunn for lokal planlegging og avgjerd om arealbruk. Ny og oppdatert kunnskap vil også kunne syne moglegheiter for vidareutvikling av næringer og lokalsamfunn.

Vurderingar knytt til beredskap og ulukkesrisiko er gjort på overordna nivå, og tek utgangspunkt i Fylkes-ROS for Hordaland 2015. Det er ikkje avdekka særskilde nye risikomoment eller fareområde eller som gjer at det naudsynt med nye tiltak. Det må gjennomførast ei meir detaljert og lokalt tilpassa vurdering både på kommuneplannivå og reguleringsplannivå, der fleire tema vert vurdert, og der ein legg lokale tilhøve til grunn for vurderingane.

### 9.1 Berekraftig kystsoneforvaltning

Naturmangfaldslova sett krav til at ein skal foreta vurderingar etter miljøprinsippa i lova §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlaget, føre-var prinsippet, økosystemtilnærming og samla belastning, kostnadar ved miljøforringing, samt miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar). I planen er det lagt til grunn eksisterande kjent kunnskap, samt at det er utarbeida eigen Akvakulturanalyse med vekt på laks og regnbogeaure. Akvakulturanalysen har mellom anna sett på den samla belastninga akvakulturnæringa har for naturmiljøet i planområdet.

Eksisterande kjent kunnskap er nytta gjennom bruk i analysar, samt føringar i plankart og retningslinjer. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vera tilstrekkeleg for dette plannivået, og det er aktivt nytta føre-var-prinsippet til dømes i område registrert med høgt naturmangfald.

Planen har fastsatt arealsoner for regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne i plankartet. Desse arealsonene vil sikre regionale verdiar for dei fire temaa. Det er lagt føringar for tiltak og inngrep innanfor arealsoner landskapsområde som gir avgrensingar for ein del tiltak og næringsverksemd i desse områda. Samstundes er det sikra vidare drift og utvikling for eksisterande verksemd innan områda.

Arealbehov knytt til yrkesfiske omfattar i utgangspunktet heile kysten. Det er peika på eit behov for oppdatering av datasetta knytt til trålfelt og låssetjingsplassar gjennom planframlegget.

Fleire område avsett til akvakultur kan potensielt gi fleire anlegg på sikt og auka arealbeslag og oppdretts-trykk. Dette kan medføre til auka problem med redusert kvalitet på villfisk som beiter rundt oppdrettsanlegg, legge beslag på registrerte fiskeplassar og produksjonsvekst som vil ha påverknad på villfisk.

Analyser, plankart og retningslinjer har medverka til å ivareta:

- Kystlandskapet med verdifulle landskapsområde, mangfald av landskapstypar, verdifulle kulturminne og kulturmiljø.
- Trygging og betring av moglegheitene for allment friluftsliv.
- Balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar, og god sameksistens mellom dei ulike interessene i kystsona.
- Kunnskapsbasert planlegging og forvaltning, sikring av verdifulle naturområde, samt bruk av føre-var-prinsippet.

- Sikring av ressursgrunnlaget for fiskeri gjennom å ivareta gyte-, oppvekst- og beiteområde, reketråfelt og låssetjingsplassar og viktige fiskerihamner.

Planen legg samla sett til rette for utvikling av lønsam og konkurransedyktig næringsliv i området, samstundes som verneinteresser er tillagt vekt. Planframlegget er vurdert til å ha positiv konsekvens for ei berekraftig kystsoneforvaltning gjennom bruk av plankart og retningsliner.

## 9.2 Akvakultur

Planframlegget har både positive og negative konsekvensar for akvakultur. I plankartet er det lagt til rette for nye akvakulturområde og utviding av eksisterande, samstundes som det vert sett avgrensingar i andre område. Planframlegget gir totalt sett rom for vekst og kapasitetsauke, og gir rom for bruk av ny teknologi og nye artar.

Planen legg føringar for lokale tilpassingar, avklaringar og prioriteringar på kommuneplannivå. Dette omfattar både storleik på areal, lokalisering og val av type arealføremål. Det har ikkje vore eit mål å regulere produksjonen eller driftsmessige tilhøve i havbruksnæringa gjennom planen, samstundes som det er klart at arealtilgang er eit viktig moment i utviklinga. Sjølv om det er sett av areal i kystzoneplanen til akvakulturføremål, så er det anna lovverk som regulerer kor vidt området kan nyttast i oppdrettssamanheng og eventuelt kor stor produksjon som kan leggjast til dei ulike områda. Samla konsekvensar knytt til auka produksjon i planområdet er ikkje vurdert i denne planen.

Utvikling av teknologi og nye artar i oppdrettsnæringa er ivareteke gjennom retningsline som definerer det lokale handlingsrommet til kommunane. Det er ikkje differensiert i plankartet kva for type akvakultur som kan etablerast, verken når det gjeld artar eller teknologibruk. Dette gir opning for at t.d. lukka anlegg kan etablere seg innanfor område som i dag vert brukt til tradisjonell ope merdteknologi.

Akvakulturanalysen konkluderer med at det ikkje er grunnlag for å gjere vesentlege endringar i dagens lokalitetsstruktur. Dette har også vore signalisert frå akvakulturnæringa i planprosessen. Utviklinga i akvakulturnæringa går i retning av færre og større lokalitetar, noko som også akvakulturanalysen peiker på er ønskjeleg. Arealanalysen og plankartet har difor teke utgangspunkt i dagens lokalitetsstruktur, og vurdert mogleik for utviding av eksisterande lokalitetar/område for å sikre fleksibilitet og eventuell produksjonsauke. Denne tilnærminga opprettheld eksisterande struktur i næringa, og kan slik også ha negative konsekvensar dersom denne strukturen ikkje er den mest høveleg på sikt. Arealanalysen tek heller ikkje omsyn til naturgjevne tilhøve som t.d. straum. Nærare analysar kan såleis resultere i at delområde avsett i planen ikkje er aktuelle/eigna for nye anlegg eller utvida produksjon.

Utvida akvakulturareal i utløpet av t.d. Hardangerfjorden kan ha negativ verknad på anadrom villfisk og vandringsruter. Vidare konsekvensutgreiing knytt til nye areal i viktige vandringsruter må gjerast i samband med kommunal planlegging.

I praksis vil det ikkje vera tilgang på areal som i dei næraste åra set grenser for produksjonsvekst i planområdet. Dersom næringa løyser utfordringane knytt til lusesituasjonen (miljøindikator), vil det vera mogleg å auke produksjonen gjennom tilgang på meir areal, utviding av eksisterande lokalitetar, samt endring i produksjonsmetode (t.d. postsmolt). Under desse føresetnadene kan regionen ta del i den nasjonale veksten som er ønskjeleg for næringa.

Planframlegget er totalt sett vurdert å ha positive konsekvensar for akvakultur. Planframlegget ivaretek målformuleringa om at akvakulturnæringa skal vere framtidsretta og konkurransedyktig gjennom at næringa blir gitt rom for utviding, og det vert tilrettelagt for ny teknologi.

## 9.3 Sjøtransport og maritim næring

Planframlegget ivaretek interessene knytt til sjøtransport og maritim næring gjennom retningsliner, plankart og handlingsplan. Samstundes er sjøtransport og maritim næring teke omsyn til ved arealavklaring for akvakultur.

Sjøen er viktig som transportveg. Dei mest sentrale farleiene må haldast opne, og frie for hindringar og annan ekskluderande arealbruk. Farleier er ivaretekne og synleggjort i plankartet, og nytta som eit av kriteria i analyse av arealdisponering til akvakultur opp mot bruks- og verneinteresser.

Viktige regionale næringsområde ved sjø er definert i Interkommunal strandsonerplan for Sunnhordland, med supplering av data for Jondal, Kvam og Vindafjord. Desse områda er implementert i planframlegget. Det går fram av retningslinene at regionalt viktige næringsområde til sjø må sikrast i eit langsiktig perspektiv, og at behov for arbeidsplassar og næringsutvikling skal tilleggast vekt. Planframlegget har ikkje vurdert nye maritime næringsområde, men peikt på eit behov for oppdatering av datagrunnlaget.

Planframlegget sikrar gjennom retningsliner at fiskeriinteressene skal prioriterast i fiskerihamnene, og at det skal sikrast gode tilhøve for ferdsel og manøvrering i sjøområda som er knytt til desse.

Planen legg til rette for at målet om utvikling av maritim sektor gjennom trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal vert ivaretatt.

## 9.4 Strandsone

Planframlegget med tilhøyrande retningsliner er relativt detaljert når det gjeld tiltak i strandsona, og speglar moglegheitene som ligg i plan- og bygningslova. Tiltak i strandsona er som hovudregel omfatta av plankrav, men det er gitt opning for å definere område i kommuneplanen sin arealdel utan plankrav. Dette kan medverke til positiv lokal utvikling.

Føringane i planframlegget legg vekt på allmenne interesser. I tillegg til retningslinene som konkret omhandlar tiltak i strandsona, vil retningsliner knytt til berekraftig kystsonerplanlegging i fleire tilhøve vera relevant for strandsona.

Kartlegging av strandsona og fastsetjing av funksjonell strandsoner som grunnlag for lokalt tilpassa bruk og forvaltning er ein hovudstrategi for den regionale strandsonerpolitikken i Hordaland. Dette er sikra i retningslinene i planen, og vil bidra til ei berekraftig og god forvaltning av strandsona.

Planframlegget med spissa retningsliner for strandsona ivaretek strandsona i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet. Samstundes opnar planen for utvikling og bruk av strandsona, gjennom ein balanse mellom bruk og vern.

## 9.5 Plankart og retningsliner

Plankartet med tilhøyrande retningsliner skal styrke kommunane i arbeidet med å finne ein god balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar i kystsona. Det er ikkje tidlegare laga regionale plankart for kystsona i Noreg, og ein har vore nøydd til å søke etter dei gode løysingane. Utarbeiding av plankart synleggjer dei ulike verne- og bruksinteressene i planområdet, og styrker den regionale planlegginga på tvers av sektor- og kommunegrensar.

Plankartet gir eit overordna bilete på arealbruken i sjøområda og er basert på arealsoner som enten opnar for sameksistens eller for eksklusiv bruk. Arealsoner er eit plangrep tilpassa regionalt plannivå, og må ikkje forvekslast med arealføremål på kommunalt nivå. Regionalplanen har innan fleire tema ikkje avklart arealbruken utover kombinerte arealsoner, som kan sjåast på som *ikkje planlagde areal*. Desse areala må planleggast ytterlegare og meir detaljert på kommunalt nivå.

Moglegheit for detaljering, prioritering og arealavklaring er avgrensa av dei nasjonale teiknereglane for regionale plankart. Det er ikkje anledning til å nytte omsynssone som plangrep på regionalt nivå. Dette svekker forståinga av planen. Ei omsynssone kan synleggjere større område der særskilte omsyn skal takast på eit overordna plannivå. I tillegg kan omsynssone leggast over arealsonene og såleis synleggjere både *avklart arealbruk* og omsyn for det aktuelle området. Som ei følgje av avgrensingar i teiknereglane er dei regionalt viktige områda i planen framstilt med arealsoner *landskapsområde* både på sjø- og landdelen. Andre område der omsynssone hadde vore eit tenleg plangrep er synleggjering av område føreslått som marine verneområde. Desse område er såleis ikkje synt i plankartet, men sikra i retningsline.

Planområdet er stort og det er utfordrande å lese plankartet i papirform. Digitalt tilgjengeleg plankart er ein føresetnad for å kunne lesa detaljar i ein slik målestokk som denne planen har. Det er difor valt å tilretteleggje ei digital kartløyning for å gjera plankartet lettare lesbart, samt gje tilgang til alle temadata som er nytta som grunnlag i planprosessen.

# 10 Metode

## Arealanalyse

Planen har eit særskilt fokus på akvakultur, som har danna grunnlag for analysar mellom anna som grunnlag for plankartet. Regionen med Hardangerfjorden det eit av dei tettaste oppdrettsområda i landet. Det er i samband med regionalplanen laga ein eigen akvakulturanalyse som set fokus på alle tilhøve kring oppdrett av laks og regn- bogaure i planområdet. Hovudkonklusjonen frå analysearbeidet er at nedlegging/fjerning av lokalitetar i regionen i liten grad vil påverke eller løyse miljøutfordringane i næringa. Den framtidige arealdisponeringa for akvakultur i området er i første rekkje knytt til utviding av eksisterande lokalitetar, samanslåing av fleire lokalitetar til større oppdrettsområde, samt nye område.

Analyse av vekstpotensialet i akvakulturnæringa er gjennomført som ei interesseavklaring mellom akvakultur og andre bruks- og verneinteresser, der dei ulike interessene er prioritert og vekta opp mot kvarandre. Gjennom analysen ønskjer ein å avklare interessekonfliktar mellom akvakultur og andre bruks- og verneinteresser på eit overordna nivå. Analysen er basert på kjente og tilgjengelege digitale data. Uavhengig av analysen skal det ved konsesjonssøknad for akvakulturanlegg gjennomførast ei grundig vurdering basert på lokale tilhøve før lokaliteten eventuelt vert godkjent. Utviding og nye område må i tillegg klargjerast gjennom kommuneplanens arealdel.

Ulike sektorinteresser er analysert og vurdert opp mot arealbruk til akvakultur, dvs. produksjon av laks og regnbogaure. Det er gjennomført ei arealanalyse med utgangspunkt i eit sett med kriterium som deler sjøområda inn i tre ulike *kategoriar*. Desse tre kategoriane er definert slik:

- **Raud kategori:** Akvakultur er ikkje foreinleg med andre bruks- og verneinteresser. I desse områda er andre interesser prioritert framom akvakultur.
- **Gul kategori:** Akvakultur kan vera aktuelt i desse områda ut frå vurderingar knytt til lokale tilhøve. I desse områda er det registrerte interesser, men prioritering mellom desse og akvakultur er ikkje endeleg klarlagt. Avklaring mellom sektorinteresse og akvakultur må gjennomførast som del av kommuneplanen sin arealdel eller søknad om ny/endra akvakulturlokalitet
- **Grøn kategori:** Det er ikkje registrerte bruks- eller verneinteresser i området og etablering av akvakultur kan derfor vera mogeleg. Områda må såleis sjåast i samanheng med anna arealforvaltning i kommuneplanen sin arealdel.

Det vert for orden skuld presisert at etablering og godkjenning av akvakulturlokalitetar uansett må gjerast etter anna lovverk. Kystsoneplanen viser såleis berre mogeleg areal for etablering av nye lokalitetar eventuelt utviding av eksisterande lokalitetar.

Dei ulike interessene i sjøareala er klassifisert i 5 hovudtema som er nærare skildra ei egne avsnitt:

- Sjøtransport og maritim næring
- Fiskeri
- Naturgrunnlag i sjø
- Friluftsliv, landskap, kulturminne
- Arealplan, forsvaret

## Sjøtransport og maritim næring

Ferdsl og næringsområde i sjø (utanom akvakulturanlegg) er sentralt for dette hovudtemaet. Trygge, effektive og godt tilgjengelege farleier er avgjerande for bruken av sjøområda. Sentralt i dette er *Farledsnormalen* og Kystverket som sektormynd. Arealbruk knytt til sjøtrafikk og maritim næringsaktivitet varierer i både tid og rom. Dette gjer det ekstra utfordrande å prioritere mellom ulike arealbruksinteresser i desse områda.

	Buffer	Kategori	Innhald
Farlei/ferdsel	*		Hovudleier, <i>Nyleia</i> , ferjestrekningar, større <i>kryss</i> , lei for offshorenæringa (Selbjørnsfjorden og Ølensvåg)
Farlei/ferdsel	*		Resterande bilei

Ankringsområde	0 m		Alle registrerte ankringsområde
Riggområde	0 m		Alle registrerte riggområde
Opplagsområde	0 m		Alle registrerte opplagsområde

\* Kystverket har definert linje som hovudlei og bilei. Analyse av ferdsel og farlei er i hovudsak basert på Farled- snormalen og AIS-data. Desse datagrunnlagane danner eit bilete av ferdsel på sjø.

### Fiskeri

Yrkesfiskarane nyttar i utgangspunktet sjøareal langs heile kysten. Fiske kan som hovudregel kombinerast med annan arealbruk, med unntak av faste installasjonar på sjøen, samt at nokre typar fiskeri ikkje lar seg kombinere med installasjonar på botn (til dømes botntrål). Dei kartfesta fiskeområda er henta frå Fiskeridirektoratet si nett side. Alle fiskeriinteressene er klassifisert i gul kategori. Dette er gjort ut frå behov for å oppdatere datagrunnlagane, vurdere mogeleg sameksistens med akvakulturføremål, og behov for lokalpolitisk prioritering mellom næringsinteressene.

	Buffer	Kategori	Innhald
Fiskeområde passive reiskap	0 m		Alle definerte fiskeområde for passive reiskap
Fiskeområde aktive reiskap	0 m		Alle definerte fiskeområde for aktive reiskap
Kaste- og låssettingsplassar	0 m		Alle definerte kaste- og låssettingsplassar

### Naturgrunnlag i sjø

Det er eit rikt biologisk mangfald i planområdet, og kjente registreringar reflekterer variasjonen og kvalitane. Kvalitet/verdi, samt føre-var prinsippet er viktige moment i analysen. Avgjerande moment er kva effekt eller påverknad oppdrett har for naturgrunnlaget og kva naturgitte tilhøve har å seie for akvakulturnæringa. Effektar frå oppdrettsnæringa er mellom anna knytt til utslepp av partiklar, organisk stoff/næringssalt og kjemikalium, samt etablering av fortøyningar/ankring.

	Buffer	Kategori	Innhald
Naturtypar i sjø	0 m		Naturtypar med registrert verdi A, samt alle registreringar av ålegrassamfunn uavhengig av verdi
Naturtypar i sjø	0 m		Resterande naturtyperegistreringar
Korallførekomstar	1000m		Korallførekomstar er registrert som punkt og ikkje utstrekning. Difor sett ein generell buffer på 1000 meter kring alle registreringar
Naturvernområde	*		Naturvernområde som ligg i eller i tilknytning til sjø
Forslag til marint verneområde	0 m		Prosess kring avgrensing og det er pt. ikkje definert restriksjonar eller føringar for området
Nasjonale laksefjord	0 m		Ikkje opna for oppdrett av anadrom fisk
Gyteområde/gytefelt	0 m		Definert av Fiskeridirektoratet, basert på intervju med fiskarar. Inkluderer alle artar, men hovudsakleg torsk og sild
Gyteområde torsk, MB	0 m		Definert av HI. Datasettet dekkjer ikkje heile planområdet, og inkluderer berre område som er valt ut og verifisert med undersøkingar i felt.
Oppvekstområde /beiteområde	0 m		
Anadrome vassdrag	2500m		Rettleiar frå Mattilsynet tilrår avstand på 2,5 km frå anadrome vassdrag
Kystvassførekomstar/vatn med opphaldstid på månadar/år	0 m		

\* Naturvernområde er differensiert der naturvernområde knytt til sjøfuglreservat er gitt 50 meter buffer (tilsvarande ferdselsforbod), og andre reservat ingen buffer.

### Friluftsliv, landskap, kulturminne

Planområdet har eit rikt mangfald knytt til friluftsliv, landskap og kulturminne, som reflekterer variasjon og kvalitet. Avgjerande moment er kva effekt eller påverknad oppdrett har for desse interessene. Ein del av datasetta har differensiert verdi, og for nokre tema har ein nytta desse i analysen. Sentrale moment er oppleving, attraksjon, og bruksmoglegheit. Påverknad frå oppdrettsnæringa kan vera direkte som ferdselshindring, eller indirekte som visuell oppleving. Akvakulturanlegg kan for nokre opplevast som ei negativ, forureinande oppleving eller hindring, men for andre kan det opplevast som eit viktig og næringsretta mangfald (individuell persepsjon). Alle registreringar knytt til friluftsliv og landskap/kulturlandskap er klassifisert som gul kategori. Unntaket er automatisk freda kulturminne som er klassifisert i raud kategori.

	Buffer	Kategori	Innhald
Statleg sikra friluftsområde	500 m		Utval av statleg sikra friluftsområde knytt til strandsona og sjø.
Regionale friluftsområde /FINK	0 m		Regionale friluftsområde med registrert verdi A og B. Utval av område knytt til strandsona og sjø
Avstand frå kystlinje, ferdsel	100 m		Utgangspunkt N50 kystkontur. Ferdsel mellom anlegg og kystkontur
Landskap	0 m		Landskapsområde registert med høg eller sær høg verdi
Landskap av nasjonal kulturhistorisk interesse i Hordaland	0 m		Alle registreringar
Automatisk freda kulturminne	5 m		Utval av kulturminne knytt til fartøy og kulturminne under vatn
Område med potensiale for marine kulturminne	0 m		Alle registreringar

### Arealplan og forsvaret

Eksisterande eller planlagde tiltak i kommuneplan eller reguleringsplan, samt øvingsområde for forsvaret kan vere til hinder for akvakultur gjennom direkte arealbeslag. Avsette område i arealplan til utbyggingsføremål, samt øvingsområde for forsvaret vil medverke til å avgrense areal som er aktuelle for akvakultur. Avgjerande moment er korleis planlagde/eksisterande tiltak påverkar akvakultur.

	Buffer	Kategori	Innhald
Kommuneplan; Hamn/ småbåthamn/ småbåtanlegg	0 m		Alle registrerte føremål knytt til hamn, småbåthamn og småbåtanlegg
Reguleringsplanar	0 m		Alle registrerte reguleringsplanar i sjø i gjeldande kommuneplanar
Kommuneplan: omsynssone for naturområde eller friluftsliv	0 m		Alle registrerte omsynssoner
Forsvarsinteresser	0 m		Øvingsområde

### Datagrunnlag og feilkjelder

Datagrunnlag for utarbeiding av analysen er henta frå kjente databasar, offentleg tilgjengeleg registreringar og kommuneplanar. Ikkje alle datasett er fullstendige, og det er for nokre tema behov for oppdatering av eksisterande registreringar eller nye kartleggingar for å skaffe eit fullstendig datasett. Analysearbeidet tek utgangspunkt i eksisterande areal/grensesettingar og verdisetting for dei ulike sektorinteressene. Eventuelle feilkjelder eller usikkerheit i datagrunnlaget blir såleis følgjefeil vidare i analysen. For å redusere effekt av eventuell feilkjelde/usikkerheit er det gjort val i samband med vurdering av kategori for tema. For datasetta med usikre arealgrenser har ein valt å klassifisere temaet i gul kategori, og for datasett med usikker verdisetting har ein valt å ikkje differensiere i verdi i analysen. Feil og generaliseringar i datagrunnlaget, samt i analysane, kan ha påverka kvaliteten på resultatane. Vurderingane er gjennomført på eit overordna nivå og vil spegla realiteten på ein grov måte. Dette er likevel vurdert som eit tilstrekkeleg grunnlag for vurderingar på regionalt plannivå.

# 11 Ordliste

## Akvakultur

### Konsesjon:

- Rett eit selskap har til å ha ei definert mengd biomasse i sjøen til ei kvar tid. Normal storleik på ein konsesjon er 780 tonn laks, men det kan vera større. Ein konsesjon er ikkje stadbunden i seg sjølv, og kan knytast opp til fleire lokalitetar innan bestemte geografiske område (regionane til Fiskeridirektoratet).
- Alle konsesjonar skal vera knytt opp mot lokalitetar. Ein konsesjon kan vera knytt til fleire lokalitetar – og omvendt; ein lokalitet kan vera godkjent for fleire konsesjonar. Ein konsesjon er normalt knytt til fire lokalitetar, men kan òg vera knytt opp til fleire.

### Lokalitet:

- Stadbunde, koordinatdefinert område i sjø kor det kan drivast oppdrett av laks og regnbogeare. Storleiken på lokaliteten vil variera med naturgitte forhold, men trenden dei siste åra har gått frå mange små lokalitetar til større lokalitetar med betre gjennomstrøyming. Det er vanleg at ein lokalitet er dimensjonert for ein produksjon på 3120 tonn, tilsvarande 4 konsesjonar, men han kan òg vera knytt til 6 konsesjonar – 4680 tonn.
- Det er ikkje tillate med fleire generasjonar laks innanfor same lokalitet, og lokaliteten skal brakkleggast minst to månadar etter at ein produksjonssyklus (16-22 månadar) er slutført. Gjennom soneforskrifta blir denne brakklegginga koordinert over større geografiske område. Brakklegging skjer anten vår eller haust, og soneforskrifta definerer i alt fire brakkleggingstidspunkt.

### MTB – Maksimalt tillaten biomasse

- Regulering av oppdrettsnæringa er knytt til maksimalt tillaten biomasse, ikkje tal på individ. Biomassetaket er knytt til både løyver og lokalitetar. Frå ein smolt vert sett i sjø til han er slakteferdig laks går det rundt 16 - 22 månadar. På denne perioden aukar biomassen per fisk frå 100 gram til om lag 5 kilo. Biomassetaket vil difor vera den enkeltfaktoren som i størst grad dimensjonerer kapasitetsutnyttinga for næringa.
- MTB er definert både på selskapsnivå i kvar region og på lokalitetsnivå. Summen av MTB for konsesjonane til kvart selskap gir maksimal ramme for kor mykje biomasse eit selskap har lov til å ha i sjø til ei kvar tid. MTB per lokalitet definerer kor mykje biomasse selskapet kan ha på den enkelte lokalitet til ei kvar tid.
- For å kunne utnytta ein konsesjon optimalt innanfor biomassetaket, er næringa avhengig av å kunna fordela biomasse over fleire lokalitetar. Optimal produksjonstilpassing er å knyta ein konsesjon til 4 - 6 lokalitetar, som kvar er plassert innanfor ein av dei fire brakkleggingstidspunkta.

**Anadrome laksefisk** er laksefisk som vandrar mellom sjø og ferskvatn, og som er avhengig av ferskvatn for å reprodusere seg/gyte. **Anadrome vassdrag** er elv/bekkar etc. der anadrom laksefisk frå havet kjem for å gyte. **Anadrom strekning** er den strekninga anadrome laksefisk kan vandre i eit anadromt vassdrag opp til første vandringshinder.

**Farleinettet** er det nettverket av farleier som dekkjer norske farvatn, og som dannar det fysiske grunnlaget for dei sjøgåande transportrutene på norsk område. Farleiene er inndelt i fire kategoriar:

- Hovudleier: leier som vert nytta til trafikk til og frå viktige hamner og gjennomfart (transitt) langs kysten. Hamner tyder i denne samanheng hamner som i nasjonal eller regional samanheng er viktige for samferdsel, transport eller infrastruktur, medrekna trafikknutepunkt som bind saman landverts og sjøverts ferdsel.
- Bileier: leier som ikkje er hovudleier, men som vert nytta til trafikk til og frå industristader eller andre utskipings- eller importstader, trafikk til andre hyppig brukte anløpsstader, ankringsplassar osb. medrekna ferjetrafikk i riks- eller fylkesvegnettet.
- Fiskerileier: leier som i hovudsak vert nytta av fiskefartøy, til dømes trafikk mellom fiskerihamner og fiskefelt og trafikk mellom fiskerihamner og hovudleier eller bileier.
- Lokalleier: leier som berre vert nytta til lokaltrafikk og av småbåtar innanfor ein kommune eller kommunar med felles hamnedistrikt.



**Funksjonell strandsone** er den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vere smalare eller breiare enn 100-metersbeltet.

**Grunnlinene** syner innan havrett ein kyststat si avgrensing mot havet. Grunnlinene dannar utgangspunktet for fastlegging av landets indre farvatn, territorialgrense, fiskerigrense, økonomisk sone og midtline til andre statar.

### **Hamne- og farvasslova (2009)**

Det viktigaste sektorlovverket er hamne- og farvasslova. Lova skal leggja til rette for god framkomst, trygg ferdsel og forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet i samsvar med allmenne omsyn og omsynet til fiskerierne og andre næringar. Lova skal vidare leggja til rette for effektiv og sikker hamneverksemd som ledd i sjøtransport og kombinerte transportar samt for effektiv og konkurransedyktig sjøtransport av personar og gods innanfor nasjonale og internasjonale transportnettverk.

Etter reglane i hamne- og farvasslova er det krav om løyve for alle tiltak som kan påverka tryggleiken eller framkomsten i farvatnet. Dette gjeld blant anna for fortøyingsinstallasjonar, kaiar, brygger, bruer, luftspenn, utdjuping, dumping, akvakulturanlegg, opplag av fartøy, lyskjelder, kablar og røyr.

Som hovudregel skal kommunane handsama søknadar om tiltak i sjøområdet til kommunen, mens tiltak som skal setjast i verk i hovudlei eller bilei, eller som kan påverka tryggleiken eller framkomst i desse krev løyve frå departementet, og vert handsama av Kystverket. Det er i tillegg ei rekkje tiltak som ikkje kan setjast i verk utan løyve frå Kystverket, utan omsyn til kor tiltaket skal gjennomførast. Dette gjeld mellom anna for akvakulturanlegg, kraftproduserande anlegg i sjø, røyrledningar for olje og gass, bruer og luftspenn.

Hamne- og farvasslova gjeld «side om side» med fleire andre lovar.

Plan- og bygningslova: Utbyggingstiltak krev løyve etter begge lovverk før tiltaket kan setjast i verk dersom tiltaket fell under hamne- og farvasslova. Mynde etter begge lovene plikter å gjennomføre ei effektiv og samordna handsaming av søknadar om løyve. Løyve til tiltak etter hamne- og farvasslova kan ikkje gjevast i strid med vedtekne arealplanar etter PBL utan dispensasjon.

Naturmangfaldlova: Krav til at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn ved planlegging av tiltak (miljørettslege prinsipp). Dei miljørettslege prinsippa er knytt til kunnskapsgrunnlag, "føre-var-prinsippet", økosystemtilnærming og samla belastning, kostnadar ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Forureiningslova: Mudring og dumping av massar og gjenstandar.

Kulturminnelova: Dersom tiltaket skal gjennomførast i eit område med kjente kulturminne, eller at det vert gjort funn i samband med tiltak.

**Kulturmiljø** er eit område der eitt eller fleire kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng.

**Kulturminne** er definert i Kulturminnelova som alle spor etter menneskeleg aktivitet i vårt fysiske miljø, medrekna lokaliteter det knytt seg historiske hendingar, tro eller tradisjon til.

**Kystline** eller kyst er definert som den delen av landet som grenser mot havet.

**Kystsone** vert definert som sona frå og med landområde som er direkte påverka av sjø eller sjørelatert verksemd og ut til grunnlina.

**Landskap** er i den europeiske landskapskonvensjonen definert som: "...et område, slik folk oppfatter det, hvis særpreget er et resultat av påvirkningen fra og samspillet mellom naturlige og/eller menneskelige faktorer" (Nordens landskap 2003).

**Maritim næring** vert definert som alle typar verksemdar som eig, opererer, designar, byggar, leverer utstyr eller spesialiserte teneste til alle typar skip og andre flytande einingar. Maritim næring består av ei rekke ulike verksemdstypar som rederi, maritime tenesteytarar, verft og utstyrsprodusentar.

**Naturmangfald** også kalla biologisk mangfald. Variasjon mellom, og innan, alle biologiske arter (ville og domestiserte) i alle grupper av organismar. Miljøet, økosystema og dei økologiske prosessane som disse artane og organismene er en del av. FNs miljøprogram (UNEP)

**Naturtype** er ein einsarta type natur som omfattar alt plante- og dyreliv og dei miljøfaktorane som verker der. Den store variasjonen som er i Noreg er ein viktig del av naturmangfaldet, både som levestad for artar og som økosystem.

**Nødhamn** (fritt oversett frå retningslinene til International Maritime Organisation (IMO): «Eigna lokalitet der fartøy vil kunna gå for egen maskin eller bli slept. Hensikta med å søka nødhamn skal ver å kunna utføra reparasjonar, gjennomføra nødlossing, justera last/stabilitet for å redusera risiko og spreining av forureining, eventuelt gjera fartøyet sjødyktig med tanke på å fortsetja seilassen.»).

**Resipient** er ein type mottakskjelde. I kystzone samanheng ofte eit felles uttrykk på bekk, elv, innsjø, hav eller anna vasskjelde. Sårbare resipientar er vassførekomstar som får store konsekvensar dersom dei vert utsett for miljøskadar.

**Sjøtrafikkareal** er definert som arealet som Kystverket etter ein konkret vurdering av den enkelte plan eller søknad finner at sjøtrafikken har behov for til sikker segling og manøvrering.

**Strandlinje** er også kjent som vassline, er ei skjeringsline mellom land og ei vassflate i havet eller i innsjøar.

**Strandsone** er definert som 100-metersbeltet *eller* område kartlagt som funksjonell strandsone.

**Økosystem** er eit organismesamfunn og dei livlause faktorane i eit miljø der samfunnet finst. Det er stor avhengigheit og gjensidig påverknad mellom dei ulike organismane og mellom organismane og miljøet innan det same økosystemet.

## 12 Kjelder til kunnskap

[www.fmho.no](http://www.fmho.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)  
[www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)  
[www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no)  
[www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no)  
[www.vannmiljo.no](http://www.vannmiljo.no)  
[www.vann-nett.no](http://www.vann-nett.no)  
[www.lakseregisteret.no](http://www.lakseregisteret.no)  
[www.vannportalen.no](http://www.vannportalen.no)  
[www.mareano.no](http://www.mareano.no)  
[www.havmiljo.no](http://www.havmiljo.no)  
[www.imr.no](http://www.imr.no)  
[www.vitenskapsradet.no/](http://www.vitenskapsradet.no/)  
[www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no)  
[www.samarbeidsraadet-sunnhordland.no/](http://www.samarbeidsraadet-sunnhordland.no/)  
<http://www.hordaland.no/nn-NO/kart2/> (kartivest)  
<http://kilden.skogoglandskap.no>  
<http://kart.fiskeridirektoratet.no>  
<http://kart.kystverket.no/>  
<http://kart.fiskeridirektoratet.no>  
<https://kulturminnesok.no/>

Rapportar:

- Effekter av utslipp fra akvakultur på spesielle marine naturtyper, rødlista habitat og arter KUNNSKAPSSTATUS. Havforskningsinstituttet. Nr. 8-2016
- Risikovurdering norsk fiskeoppdrett – 2016. Havforskningsinstituttet
- Status for norske laksebestander 2016. Vitenskaplig råd for lakseforvaltning
- Kvalitetsnorm for ville bestander av atlantisk laks (*Salmo salar*) (FOR-2013-09-20-1109)

## 13 Figurliste

Figur 1 Planområdet .....	5
Figur 2 Slåtterøy fyr. ....	10
Figur 3. Temakart Marint naturmangfold; Korallrev førekomst, ålegrassamfunn og kystlynghei.....	12
Figur 4. Kart over laksevasdrag i deler av Hordaland, og nasjonal laksefjord. ....	14
Figur 5. Temakart fiskeriinteresser; Rekestråfelt og fiskeområde med aktive reiskap.....	15
Figur 6 Temakart friluftsliv; .....	18
Figur 7. Temakart landskap/kultur; .....	20
Figur 8. Arealsoner for regionalt viktige områder for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne .....	21
Figur 9 Handsaming av ordinære akvakultursøknadar frå 2010. ....	25
Figur 10. Temakart, akvakultur i plankartet. ....	29
Figur 11 Sjøtransport. ....	33
Figur 12 Maritime næringsområde og farlei. ....	34
Figur 13 Regional viktige næringsområde ved sjø .....	37
Figur 14 Naustområde og småbåtanlegg på Kråko.....	40
Figur 15 Naust Kråko.....	41
Figur 16 Funksjonell strandsone i plan.....	42

## 14 Vedlegg

Vedlegg 1. Plankart  
Vedlegg 2 Akvakulturanalyse  
Vedlegg 3. Risiko og sårbarheitsanalyse (ROS)



Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
Telefon: 55 23 90 00  
E-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

